



Sogn
SPAREBANK

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2019



Innhald

3	Administrerande banksjef sin kommentar
4	2019 i tal
5	Styret si årsmelding
22	Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019
24	Resultat- og balanserekneskap
27	Eigenkapitaloppstilling
30	Kontantstraumoppstilling
32	Proformarekneskap
34	Notar
103	Revisjonsmelding for 2019
109	Forholdstal
111	Tillitsvalde i Sogn Sparebank

Året 2019

Sogn Sparebank vart skipa den 1 april 2019 som resultat av fusjonen mellom Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank. Målet er ein moderne, framtidsretta og solid sparebank med Sogn som sitt primære marknadsområde. Banken har personkundar over heile landet, medan me har fokus på Sogn når det gjeld næringskundar. Me tek med oss dei gode og universelle sidene ved sparebanken, kombinert med tidsrette og moderne løysingar for å møte kundane sine behov i dag og i framtida. I samarbeid med andre sparebankar kring heile landet leverer banken produkt og tenester som bidreg til verdiskaping og enklare bankkvardag for kundane våre. Dette oppnår me gjennom Eika-alliansen. Målet vårt er å kombinere moderne digitale løysingar med lokal, tilgjengeleg rådgjeving og service.

I skrivande stund står me alle framfor den største omveltinga som har råka samfunnet vårt sidan andre verdskrig. Sjukdomsbølgja årsaka av koronaviruset truar oss alle, og spreier usikkerheit og frykt for kva som ventar. Men samstundes ser me også kor raskt me menneske greier å reagere når Alvoret går opp for oss.

Me veit enno ikkje korleis dei strenge smitteverntiltaka vil råka privatpersonar, verksemdar og landet sin økonomi. Enkelte bedrifter vil oppleve alvorlege tilbakeslag, andre vil oppleve at det opnar seg nye moglegheiter i kjølvatnet av krisa.


Banken vil fokusere på å optimalisere drifta og ta ut dei synergieffektar fusjonen legg til rette for. Det er viktig for oss å skape resultat som gir avkastning til eigenkapitalbevis-eigarar og lokalsamfunn. Dette skal banken klare ved å bygge ein solid og effektiv bank, slik at me aktivt kan delta i utvikling av lokalsamfunna vi er ein del av. Sogn Sparebank skal vere medspelar for eit mangfaldig næringsliv, og ein støttespelar for lag og organisasjonar i midtre og indre Sogn.

Som ein desentralisert bank med sju lokalkontor kjenner me kundane våre, og me veit kva utfordringar som eksisterer i vår region. Nærleik og kunnskap om kva som rører seg i lokalsamfunna, saman med kompetente tilsette, er vår store styrke og konkurransefortrinn.

Mads Arnfinn Indrehus
Adm. banksjef



2019 i tal



Driftsresultat
Kr. 55,7 mill.




Eigenkapitalrentabilitet
4,47 %




Kr. 3,00 i utbytte
pr. egenkapitalbevis




Børskurs ved nyttår
Kr. 107



Innskot til kundar
Kr. 5,1 mrd.




Rein kjernekapitaldekning
morbank 23,0 %



Forvaltningskapital
Kr. 6,7 mrd.



Netto utlån til kundar
Kr. 5,4 mrd.



46 årsverk

A person with long blonde hair, wearing a patterned jacket and red pants, is sitting on a rocky mountain peak. They are looking out over a vast landscape featuring a large lake, rolling mountains, and a blue sky with scattered clouds. The scene is captured from a high vantage point, emphasizing the scale of the natural environment.

Styret si årsmelding 2019

1. Makroøkonomiske forhold

Noreg

Oppgangskonjunktoren dei siste tre åra held fram i 2019. Inngangen av 2020 viste god utvikling heilt til koronaviruset spreidde seg til Noreg i månadsskiftet februar/mars. Tiltak og forventa konsekvensar av koronaviruset går fram av punkt 10 Samfunnsansvar og punkt 12 Avslutning i årsmeldinga, samt i note 45 Hending etter balansedag. Fastlands-BNP ligg an til ein årleg vekst på 2,6 prosent. Veksten i sysselsettinga auka både 2018 og inn i 2019, sjølv om utviklinga har avteke noko mot slutten av 2019. I Fastlands-Noreg auka sysselsettinga med 32.500 personar frå fjerde kvartal 2018 til tredje kvartal 2019, tilsvarande ein vekst på 1,7 prosent. Arbeidsløysa (AKU) ser ut til å ha flata ut på 3,6 prosent, medan NAV registrerte tal for heilt ledige er 2,2 prosent av arbeidsstyrken.

Olje- og gassinvesteringane er forventa å auka med 14 prosent i 2019, og er ein sterk drivar til veksten. Trass i fallande verdshandel har norsk eksport halde seg godt oppe gjennom 2019. Eksporten av fisk har auka mykje, og er ved utgangen av 2019 på eit rekordhøgt nivå. Det er forventa dempa vekst i norsk økonomi framover. Indikatorar peikar mot lågare vekst i investeringar, produksjon og eksport framover.

Forbruket til hushalda har vakse relativt svakt gjennom 2019, og er med ein vekst på 1,6 prosent klart svakare enn aktivitetsveksten i

fastlandsøkonomien elles. I følgje Finans Norge sitt forventningsbarometer viser framtidsutsiktene noko lågare vekst for hushalda, primært grunna lågare tru på landet sin økonomi. Sparelysta til hushalda er aukande, og forventningane til eigen økonomi er noko styrka. Dette kan henge saman med Noregs Bank sitt varsel om ei flat utvikling i styringsrenta framover etter at denne ble heva til 1,5 i september.

Etter mange år med sterk vekst i bustadprisane har vi sidan 2017 sett ein moderat og stabil vekst i bustadmarknaden. Ved slutten av året var tolv månadersveksten i snitt 2,5 prosent, svakt over konsumprisveksten. Aktiviteten i bustadmarknaden er framleis svært høg. Samla sett indikerer dette ein relativt stabil og balansert bustadmarknad.

Norske styresmakter har følgd opp utviklinga dei siste par åra med ein noko mindre ekspansiv finanspolitikk. Etter fleire år med sterk vekst i bruk av oljepengar over statsbudsjettet, er det rett å møte utfordringane i norsk økonomi og dei statsfinansielle utfordringane som ligg framfor oss, med ein strammare pengepolitikk. I 2019 er det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskotet forventa å bli 7,8 prosent, og med eit budsjett for 2020 med forventning om svak innstramming.

Lokale forhold

Innbyggjartalet i banken sitt primære marknadsområde, Sogn, viser ulik utvikling. Kommunane Aurland, Leikanger og Sogndal har folketalsvekst, medan statistikken viser at kommunane Vik, Balestrand, Luster, Lærdal og Årdal har folketalsnedgang. Samla sett har regionen pr. tredje kvartal 2019 ein liten folketalsauke på 0,1 % der regionsenteret Sogndal har den største veksten på 1,1 %. Til samanlikning viser tala for

Bergen ein folketalsvekst dei tre første kvartala på 0,7 %.

Bustadprisane har det siste året halde seg om lag uendra i banken sitt primære marknadsområde. Dette kjem av at det er stor byggeaktivitet av nye bustader. Størst byggeaktivitet er det i Sogndal. Vi observerer at omsetjinga av eigedomar går litt tregare i nokre område. Banken forventar likevel



ikkje noko vesentleg prisfall i eigedoms-
marknaden det komande året.

Sogn Sparebank er lokal styrt, noko styret
meiner er ei stor føremon for distriktet og
kundane.

Sogn Sparebank har kompetanse til å handtere
det meste av lokalt næringsliv.

Det vil bli utfordringar knytt til koronaviruset for
lokalt næringsliv i 2020.

2. Fusjonen

Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og
Vik Sparebank fusjonerte den 01.04.2019 til
Sogn Sparebank. Målsetninga er å vidareføre
sparebankverksemda gjennom den samanslåtte
banken, samt ivareta og vidareutvikle dei tre
bankane sin lokale posisjon, i tillegg til å ta
ein større regional posisjon. Banken skal vere
meir konkurransedyktig og tilby kundane betre
løysingar, tenester og meir kompetanse, og evne

til å bidra til vidare utvikling i lokalsamfunna.
Sogn Sparebank vil kunne drive meir kostnads-
effektivt og samstundes behalde og vere lokalt
til stades med nærleik til kundane.

Målet er å skape ein solid og framtidretta
lokalbank i Sogn, som vil styrke lokalsamfunnet,
lokale verksemdar og lokale arbeidsplassar.

3. Verksemdsområde

Verksemda til Sogn Sparebank er særmerkt av
å vere ein lokalbank for kommunane i Sogn.
Nærleik til kunden, rask sakshandsaming,
effektive avgjerder, og god lokalkunnskap
kjenneteiknar banken. Saman med fagleg
kompetanse er målet å skape ein solid og
framtidretta lokalbank i Sogn, som vil styrke
lokalsamfunnet, lokale verksemdar og lokale
arbeidsplassar. Banken skal med dette gjere
verksemda effektiv, konkurransedyktig, fleksibel
og tilby kundane betre løysingar og tenester.
Sogn Sparebank vil drive meir kostnadseffektivt
og samstundes behalde den sterke lokale
nærleiken til kundane.

Sogn Sparebank er forvaltar av midlane til
kundane i banken og skal stå fram som ein
ærleg, solid og truverdig samarbeidspartnar
overfor kundar og andre forretningsamband.

Som bank er vi avhengige av tillit frå omverda.
Kundar, offentlege styresmakter og andre
finansinstitusjonar må til alle tider ha tillit til
banken sin profesjonalitet og integritet. Det
inneber eit krav om at den einskilde tilsette og
tillitsvalde har ei plikt til å opptre og handle etisk
forsvarleg.

Sogn Sparebank er totalleverandør av
tenester innan områda finansiering, innskot,
plassering, betalingsformidling, økonomisk
rådgeving, formuesforvaltning, forsikring og
eigedomsmekling.

Sogn Sparebank har dotterselskapa Sogn
Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom
AS. Selskapet Sogn Forsikring AS er tilknytt
selskap. Sjå note 25 og 32 for meir informasjon.



4. Marknadsområde

Marknaden for Sogn Sparebank vil innanfor bedriftsmarknaden vere små og mellomstore verksemdar i Sogn. Banken har lokale kontor som kjenner dei lokale verksemdene og bransjane, og som skal sikre kundane produktbreidde og kompetanse lokalt. Innanfor personmarknaden skal banken i utgangspunktet vere landsdekkande, med fokus på vekstområde og store byar, men Sogn skal vere det prioriterte marknadsområdet.

Sogn Sparebank skal yte rådgiving og tilby alle relevante produkt innan finans og forsikring. Produkta og rådgivinga skal tilpassast kundane sitt behov.

5. Eika Alliansen

Sogn Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av 66 lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt AS. Eika Alliansen har ein samla forvaltningskapital på over 440 milliardar kroner, nær ein million kundar og meir enn 3.000 tilsette. Dette gjer Eika Alliansen til ein av dei største aktørane i den norske bankmarknaden, og ein av dei viktigaste aktørane for norske lokalsamfunn.

Med 200 bankkontor representerer lokalbankane i Eika ein viktig aktør i norsk finansnæring og bidreg til næringslivet si verdiskaping og mange arbeidsplassar i norske lokalsamfunn.

Sogn Sparebank skal vere en del av Eika Alliansen og ein aktiv medeigar og deltakar der målet er kompetansebygging, økonomisk avkastning og eit sterkt fellesskap. Banken skal nytte seg av alliansen sine produkt og rådgivingsverktøy, samt av fellestenestene for å oppnå økonomiske mål, kostnadseffektivitet og teknologisk paritet.

Styret ser dette samarbeidet som særskild viktig for utviklinga til Sogn Sparebank. Ei vidare tilknytning til Eika Gruppen AS, er etter styret si meining, eit viktig strategisk val for å kunne halde fram som ein lokal styrt bank.

Lokalbanken ved di side

Lokalbankane har bidrege til økonomisk utvikling og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn.

Fysisk nærleik og rådgivarar som har eit personleg engasjement for kunden og det lokale næringslivet, gir saman med den digitale kvardagsbanken unike kundeopplevingar. Det er kundeopplevinga som er lokalbanken sitt viktigaste konkurransefortrinn, og som har gjort at lokalbankane i Eika Alliansen ligg i toppen når det kjem til kundetilfredsheit.

Eika styrkar lokalbanken

Dei viktigaste kundegruppene til lokalbankane er personkundar og det lokale næringslivet. Eika Gruppen AS styrkar lokalbankane ved å utvikle og levere konkurransedyktige tenester og produkt, som dekkar lokalbankane og lokalbankkundane sine behov. I ein stadig meir digitalisert kvardag ynskjer kundane tilgang til endå fleire digitale tenester. Ein aukande del tenester flyttar seg difor frå fysiske lokale til digitale plattformar. Eika Gruppen AS har eit profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye, digitale løysingar. Løysingar som ivaretek lokalbanken sin nærleik til, og omsorg for kunden – der kunden er.



Produktselskapa i Eika Gruppen; Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring, leverer et breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande tenester.

Utover desse leveransane gir Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depotservice, dersom bankane ynskjer å nytte seg av desse tenestene.

I tillegg arbeider Eika Gruppen innanfor område som kommunikasjon, marknad og merkevare samt næringspolitikk for å ivareta lokalbankane sine interesser på desse områda.

Eika Boligkreditt AS

Eika Boligkreditt er et kredittføretak som er eigd av 64 norske lokalbankar. Eika Boligkreditt har

som hovudføremål å sikre lokalbankane i Eika Alliansen tilgang til langsiktig og konkurranse-dyktig finansiering. Selskapet har konsesjon som kredittføretak og finansierer utlånsverksemda si ved utsteding av internasjonalt ratede obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Det inneber at Eika Boligkreditt har moglegheit til å oppta lån i den norske og internasjonale finansmarknaden, og til eikvar tid søke finansiering der dei oppnår marknaden sine beste villkår. Gjennom Eika Boligkreditt får alliansebankane dermed tilgang på gunstig finansiering, og kan oppretthalde konkurransekrafta i forhold til større norske og internasjonale bankar. Eika Boligkreditt har ein forvaltningskapital på vel 100 milliardar kroner og er med det ein viktig bidragsytar til at kundane i lokalbankane oppnår konkurransedyktige villkår på sine bustadlån.

Ved utgangen av 2019 har Sogn Sparebank finansiert 1,1 milliardar kroner i Eika Boligkreditt AS, og har ein eigarpost i selskapet på 1,06 prosent. Eigarskapet i Eika Boligkreditt AS er strategisk viktig for banken.

6. Rekneskapet for 2019

Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank fusjonerte den 1. april 2019 og vart Sogn Sparebank.

Framlagde rekneskapstal og notar er i 2019 tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. 31.12.2018 er tal for Indre Sogn Sparebank. Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019. Unntak er hovudtal konsern, proformarekneskap og note 44 Proforma informasjon – fusjon, som er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019 og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. For å samanlikna årsrekneskapet for 2019 med 2018, brukar banken proformarekneskap. Proformarekneskapet er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019. Frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. For samanlikning, sjå proformarekneskap og note 44

som viser proformatal for Sogn Sparebank pr. 31.12.2019 og 31.12.2018.

Konsernet Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap på 55,7 mill. kroner pr. 31.12.2019. Proformarekneskapet viser ei utvikling frå 56,9 mill. kroner i 2018 til 59,7 mill. kroner i 2019.

Resultat av ordinær drift etter skatt på 28,7 mill. kroner pr. 31.12.2019 ber preg av kostnader i samband med nedskrivingar samt omstilling og fusjon. Morbanken har pr. 31.12.2019 kostnadsført nedskrivingar på utlån og garantiar med 24,3 mill. kroner. Utviklinga i proformarekneskapet viser tap på utlån og garantiar i 2019 på 24,3 mill. kroner mot 6,1 mill. kroner i 2018. Pr. 31.12.2019 utgjør eksterne fusjonskostnader omlag 10,5 mill. kroner.

Soliditeten målt i form av rein kjernekapitaldekning i morbank er på 23,02 %, og banken



framstår som ein solid og godt kapitalisert lokalbank. Dette har gitt rom for å gjere framlegg om eit utbyte på 3,00 kroner pr. eigenkapitalbevis, i tråd med utbyttepolitikken til banken.

Totalresultatet pr. 31.12.2019 var 31,4 mill. kroner.

Føresetnader for årsrekneskapet

Årsrekneskapet er lagt fram under føresetnad av framleis drift. Styret kjenner ikkje til at det er vesentleg usikkerheit knytt til årsrekneskapet, og kjenner heller ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på vurderinga av banken sitt rekneskap.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Hending etter balansedag

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

International Financial Reporting Standards (IFRS)

Sogn Sparebank legg fram både konsern- og morbankrekneskap i samsvar med den internasjonale rekneskapsstandarden International Financial Reporting Standards (IFRS). Rekneskapa viser eitt års samanlikningstal.

Resultat

Årsresultat

Konsernet fekk eit driftsresultat før skatt på 31,4 mill. kroner. I proformarekneskapet var driftsresultatet før skatt 35,5 mill. kroner i 2019 mot 50,7 mill. kroner i 2018. Eigenkapitalrentabiliteten vart 4,47 % mot 4,69 % i proformarekneskapet for 2018.

Ordinært resultat bankdrift¹ etter skatt for rekneskapsåret vart 28,7 mill. kroner. Tilsvarande tal i proformarekneskapet var 31,7 mill. kroner i 2019 mot 40,8 mill. kroner i 2018.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto renteinntekter pr. 31.12.2019 var 104,9 mill. kroner tilsvarande tal i proformarekneskapet var 116,5 mill. kroner mot 107,5 mill. kroner i 2018. Auken skuldast auka utlånsvolum, og auka rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital frå 1,66 % i 2018 til 1,75 % i 2019.

Rentenivået har vore stigande i 2019.

Noregs Bank heva styringsrenta tre gonger i løpet av 2019, den 21.03.2019 frå 0,75 % til 1,00 %, den 20.06.2019 frå 1,00 % til 1,25 % og den 19.09.2019 frå 1,25 % til 1,50 %.

Pengemarknadsrenta 3 mnd. NIBOR var 1,29 % ved starten av året og har i løpet av året stege til 1,88 %.

Morbank gjennomførde to generelle renteaukar på innskot og utlån i løpet av 2019.

Banken har betalt 3,3 mill. kroner i sikringsfondsavgift til Bankenes Sikringsfond i 2019. I 2018 vart det betalt 3,4 mill. kroner i sikringsfondsavgift for dei tre bankane.

Netto andre driftsinntekter

Netto andre driftsinntekter i konsernet i 2019 utgjorde 52,8 mill. kroner. Tilsvarande tal i proformarekneskapet var 56,9 mill. kroner mot 59,5 mill. kroner i 2018. I proformarekneskapet utgjorde netto andre driftsinntekter 0,86 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 0,92 % i 2018.

Det vart i proformarekneskapet inntektsført 23,5 mill. kroner i netto avkastning på finansielle investeringar i 2019 mot 21,8 mill. kroner i 2018.

Driftskostnader

Samla driftskostnader for konsernet vart i 2019 102,1 mill. kroner. I dette beløpet inngår 10,5 mill. kroner i fusjonskostnader. Tilsvarande tal i proformarekneskapet var 113,7 mill. kroner mot 110,1 mill. kroner i 2018. Målt mot

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019».



gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjorde driftskostnadene i konsernet sitt proforma-rekneskap 1,70 % i mot 1,71 % i 2018.

Kostnader i prosent av totale inntekter ekskl. kursvinst pr. 31.12.2019 er 67,87 %.

Som følge av fusjonen forventar styret reduksjon i kostnader knytt til drift og medlemsavgifter i Eika Gruppen. Styret forventar nedgang i tal tilsette i banken framover på grunn av krav til effektivisering og forventningar om sterkare digitalisering og automatisering.

Tapskostnader

Banken har gått gjennom låne- og garantiporteføljen, og vurdert den i samsvar med retningslinjer frå Finanstilsynet.

Morbanken har pr. 31.12.2019 kostnadsført nedskrivningar på utlån og garantiar med 24,3 mill. kroner. Utviklinga i proformarekneskapet viser tap på utlån og garantiar i 2019 på 24,3 mill. kroner mot 6,1 mill. kroner i 2018. Banken kostnadsførde 22,2 mill. kroner i fjerde kvartal 2019. Tapsavsetningane er i all hovudsak knytt til kredittengasjement innan bedriftsmarknaden.

Banken gjennomfører fortløpande ein grundig vurdering av utvalde engasjement for å avdekke forventa tap og gjer avsetningar i høve til det.

Nærare opplysningar om tap går fram av notar og styret si vurdering under avsnitta kredittrisiko og forventa tapsutvikling.

Verdipapir som blir ført over totalresultatet

Det vart over konsernet sitt resultatet i 2019 bokført netto verdiauke på aksjar som blir ført over totalresultatet på 2,7 mill. kroner mot 9,2 mill. kroner i 2018. Aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS inngår i kategorien aksjar som blir ført over totalresultatet. Desse aksjane blir ikkje omsett i ein aktiv marknad, og verdivurderinga av aksjane er basert på emisjons- og omsetningskursar, samt banken sine eigne vurderingar. Eika Gruppen AS har hatt eit godt resultat i 2019.

Eika Boligkreditt AS blir årleg omsett mellom eigarbankane til ein kurs lik bokført eigenkapital per aksje, og verdivurderinga av Eika Boligkreditt AS er basert på siste emisjonskurs. Opp- eller nedskrivningar av desse aksjane blir ført over totalresultatet og inngår ikkje i driftsresultatet.



Disponering av årsresultatet

Styret vil på generalforsamlinga 15.04.2020 tilrå generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2019 som følgjer:

FORDELING OVERSKOT	2019
Driftsresultat før skatt	30 688
Skattekostnad	-2 544
Resultat etter skatt	28 144
Utvida resultat:	
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	2 684
Totalresultat for rekneskapsåret	30 828
Korrigert for resultatpostar ført direkte mot eigenkapital:	
Renter på fondsobligasjon	-2 234
Resultat til disposisjon	28 594
Disponeringar:	
Utbyte på eigenkapitalbevis	1 898
Overført til sparebankens fond	21 755
Overført til utjamningsfondet	2 074
Overført til fond for urealiserte gevinstar	2 684
Overført frå sparebankens fond	-1 919
Overført frå utjamningsfondet	-315
Overført til gåvefondet	2 417
Sum disponert	28 594

Denne disponeringa gir ei avsetning på 2,78 kroner pr. eigenkapitalbevis til utjamningsfondet. Styret vil tilrå generalforsamlinga å betala ut 3,00 kroner i utbyte pr. eigenkapitalbevis for 2019.

Resultatet i Sogn Sparebank vert delt høvesvis mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbeviskapitalen.

Banken nyttar inngåande balanse for eigenkapitalbevis med tillegg av utjamningsfond ved utrekning av eigenkapitalbevisbrøken. Sogn Sparebank har som mål at 50 % av resultatet etter eigenkapitalbevisbrøken vert utbetalt som utbyte, resten vert lagt til utjamningsfondet. Kvart år vurderer styret og generalforsamlinga behov for overføring til gåvefondet.

Balansen

Forvaltningskapital

Ved utgangen av 2019 var forvaltningskapitalen i konsernet 6,7 milliardar kroner, ein auke på 223,0 mill. kroner samanlikna med proforma-rekneskapet som viser ein forvaltningskapital på 6,5 milliardar kroner pr. 31.12.2018. Vert det teke omsyn til at konsernet har formidla lån gjennom Eika Boligkreditt AS på til saman 1,1 milliardar kroner, er forvaltningskapitalen pr. 31.12.2019 7,8 milliardar kroner.

Innskot

Innskota i konsernet pr. 31.12.2019 var 5,1 milliardar kroner, ein auke på 142,1 mill. kroner eller 2,9 % samanlikna med proforma-rekneskapet pr. 31.12.2018. Innskot frå personkunder i morbank var 3,4 milliardar kroner, medan innskot frå næringslivskunder var 1,7 milliardar kroner. Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2019 er 93,94 %.



Utlån

Ved utgangen av 2019 var brutto utlån til kundar i konsernet 5,5 milliardar kroner, ein auke på 238,5 mill. kroner samanlikna med proforma-rekneskapet pr. 31.12.2018. Brutto utlån frå personkundar i morbank var 4,5 milliardar kroner, medan brutto utlån til næringslivskundar var 1,0 milliardar kroner. I tillegg formidla konsernet 1,1 milliardar kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2018 var det ein reduksjon i porteføljen på 111,3 mill. kroner.

Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS hadde konsernet totalt ein auke i utlåna på 127,3 mill. kroner eller 2,0 % i 2019.

Verdipapir

Verdien på konsernet sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet var ved årsskiftet 336,0 mill. kroner. Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat var 299,8 mill. kroner.

Soliditet

Etter overskotsdisponering for 2019, utgjer

eigenkapitalen i konsernet 905,9 mill. kroner pr. 31.12.2019, etter frådrag for fondsobligasjon er eigenkapitalen 865,9 mill. kroner.

Kapitaldekning

Kapitaldekning 24,24 % pr. 31.12.2019 blir samanlikna med Indre Sogn Sparebank si kapitaldekning 19,87 % pr. 31.12.2018. Betra kapitaldekning, kjem som følgje av fusjon med Aurland Sparebank og Vik Sparebank.

Pr. 31.12.2019 var morbank si kapitaldekning 24,2 % mot 19,9 % i høve same periode i fjor. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 23,0 % pr. 31.12.2019 mot 15,1 % pr. 31.12.2018. Banken si kapitaldekning ligg godt innanfor alle regulatoriske krav.

Pr. 31.12.2019 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 24,0 %. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 22,3 % pr. 31.12.2019.

7. Risikoeksponering

Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg ein operasjonell risiko.

Styret har fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda, og det er vedteken ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Styret har òg fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Finansiell risiko

Banken sin finansielle risiko gjennom året knyter seg til alle finansielle instrument banken er eksponert for, men spesielt til utlån/garantiar og

Sogn Sparebank har dei siste åra hatt god balanse i utlåns- og innskotsveksten. Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst, og kva dette kan bety for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen ved å vere meir avhengig av å henta finansiering i kapitalmarknaden. Styret har difor sett mål både for kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil gjere tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

aktivitetar i penge- og kapitalmarknaden. Risiko knytt til utlån og garantiar er omtala i eige avsnitt.



Verksemda til banken skal haldast innanfor rammene for moderat risiko som styret har vedteke. Konkretiserte rammer går fram av banken sin finansstrategi. Det er banken si økonomiavdeling som innanfor rammene av finansstrategien er ansvarleg for finansforvaltninga. Økonomiavdelinga rapporterer direkte til adm. banksjef. Verkeleg eksponering i forhold til vedtekte rammer blir regelmessig følgde opp og rapportert til styret. Rapporten blir utarbeida av Risk and Compliance Manager, banken sin uavhengige kontrollfunksjon. Banken sin finansielle risiko er splitta i marknadsrisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko kan vere sett saman av renterisiko, kredittspreadrisiko, valutarisiko og aksjekursrisiko.

Rente- og kredittspreadrisiko

Renterisiko oppstår når det er forskjellar i rentebindingstid mellom aktiva og passiva. Det er nytta ein standardisert modell for berekning av total renterisiko knytt til banken sin balanse og utenombalansepostar. Styret har sett opp interne rammer for renterisiko, og total renterisiko blir regelmessig rapportert til styret.

I tillegg til ramme for total renterisiko er det fastsett egne rammer for kredittspreadrisiko knytt til porteføljen av sertifikat, obligasjonar samt sertifikat- og obligasjonsfond. Porteføljen har kort rentebindingstid og medfører liten renterisiko knytt til endringar i rentekurva. Uroa i kredittmarknadene har derimot påverknad på investorane sitt marginkrav, og denne spreadutgangen kan føre til betydelege kurstap på porteføljen. Slike urealiserte kurstap verta reversert fram mot forfall på det enkelte papir dersom utstedar er betalingsdyktig.

Sogn Sparebank har ei obligasjonsportefølje pr. 31.12.2019 på 93,8 mill. kroner. Renterisikoen er redusert ved at alle obligasjonane er knytt opp mot tre mnd. Nibor. Banken har ei portefølje av sertifikat- og obligasjonsfond på 217,9 mill. kroner med ein gjennomsnittleg rentedurasjon på om lag 0,2 år. Sett i samanheng med andre balansepostar med rentebinding, har banken likevel ein viss renterisiko.

Valutarisiko

Banken skal ikkje ta på seg valutarisiko utover eventuelle rammer vedtekte av styret. Banken har valutarisiko knytt til kontantbeholdningar, depositumskonto og pengekrav i framand valuta. Valutaeksponeringa i banken er moderat. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Valutalån vert formidla gjennom DNB Bank ASA, og Sogn Sparebank stiller garanti for låna mot ordinær garantiprovisjon.

Banken garanterte ved årsskiftet for elleve valutalån med til saman motverdien av 30,8 mill. kroner fordelt på 13 låntakarar. Berre ein av lånekundane var næringskunde og hadde ein garanti på 2,5 mill. kroner. Alle garantiane er sikre med pant i fast eigedom, bustad og/eller fritidseigedom. Alle kundane med valutalån har lang erfaring med slike lån. Denne kreditt- risikoen, som følgje av valutarisikoen, vurderer styret som moderat. Sjå note 5 og note 15 for ytterlegare informasjon.

Aksjekursrisiko

Aksjekursrisiko er knytt til porteføljen av aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis. Desse verdipapira er vurdert til marknadsværdi, og eit fall i kursane vil føre til at banken må bokføre eit tilsvarende kurstap. Marknadsværdien av konsernet si portefølje av aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis til verkeleg verdi over resultatet utgjorde 242,2 mill. kroner ved utgangen av 2019. Styret vurderer kursrisikoen i banken sine verdipapir til verkeleg verdi over resultatet som moderat. Målet til styret er å ha ei stabil langsiktig avkastning med minimal kursrisiko på banken sin portefølje.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for at låntakar ikkje vil eller ikkje er i stand til å betale lån tilbake. Med unntak for utlån og garantiar til kundar er banken sin kredittrisiko hovudsakeleg knytt til plassering av midlar i sertifikat, obligasjonar og som innskot i andre finansinstitusjonar. Det er fastsett rammer som skal avgrense risikoen knytt til slike plasseringar.

Styret har fastsett rammer for risiko innan kredittgjeving. Kredittrisikoen vert overvaka ved misleghaldsrapportering, risikoklassifisering og bransjeanalyser.



Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risiko for manglande likviditet til å kunne innfri forpliktingar ved forfall. Innlånsporteføljen er systematisk bygd opp med langsiktige og kortsiktige forfall.

Banken har trekkrettar som ved utgangen av året ikkje var trekte opp.

Skilnaden på vekst i innskot og utlån har gjort banken mindre avhengig av ekstern finansiering. Banken har pr. 31.12.2019 totalt lånt 581,5 mill. kroner frå pengemarknaden.

Likviditetsrisikoen i banken er innanfor fastsette mål. Banken har lagt vekt på at likviditetsrisikoen skal vere moderat. Med bakgrunn i dette har banken bygd opp ein stor likviditetsreserve som pr. 31.12.2019 var 504,1 mill. kroner fordelt på kontantar, innskot i finansinstitusjonar, sentralbankar. Banken har ein LCR² (Liquidity Coverage Ratio = likvide eigendelar) pr. 31.12.2019 på 110 og NSFR (Net Stable Funding Ratio) på 135. Dette er over både offentlege krav og banken sine interne mål.

Operasjonell risiko og internkontroll

Styret og leiinga er merksame på risiko for tap knytt til den daglege drifta av banken. Dette gjeld svikt i datakommunikasjon, system og rutinar. Feil kan òg oppstå på grunn av manglande kontroll, kompetansesvikt og menneskelege feil. For å ivareta desse viktige områda, er det etablert eit system for internkontroll. Internkontrollsystemet i banken byggjer på CRD IV-føreskrifta.

Kredittrisiko og forventa tapsutvikling

Banken har ei kontinuerleg oppfølging av utlån og garantiar med sikte på å redusere tap på utlån og garantiar. Kredittrisiko knytt til utlån og garantiar vert overvaka blant anna gjennom rapportering av misleghaldne og tapsutsette engasjement, samt risikoklassifisering og individuell vurdering av enkeltengasjement.

Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2019 er 93,94 %. Styret meiner innskotsdekninga og likviditetsrisikoen i banken er god og under kontroll.

Kontantstraumoppstillinga

Kontantstraumoppstillinga viser anskaffing og bruk av likvide midlar. Den skal saman med andre rekneskapsopplysningar gi informasjon om konsernet si evne til å generere likvidar og banken sitt behov for finansiering. Kontantstraumen vert delt inn i følgjande hovudaktivitetar: Operasjonelle aktivitetar, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar. Banken si kontantstraumoppstilling syner korleis morbanken og konsernet har fått tilført likvide midlar, og korleis desse er brukt.

Likviditetsbeholdninga i konsernet har auka frå 326,8 mill. kroner pr. 31.12.2018 (Indre Sogn Sparebank) til 504,1 mill. kroner pr. 31.12.2019.

Adm. banksjef gir styret ei totalvurdering av internkontrollen i banken med basis i rapportar. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som akseptabel.

Rammevilkåra for verksemda til banken er relativt stabile, og styret meiner at så vel intern som ekstern risiko er under kontroll.

Engasjement som er misleghaldne over 90 dagar er brutto 29,3 mill. kroner ved utgangen av 2019. Andre tapsutsette engasjement utgjør brutto 89,3 mill. kroner i 2019.

Banken gjennomfører fortløpande ei grundig vurdering av utvalde engasjement for å avdekke

²LCR, eller Liquidity Ratio, er eit minimumskrav til likvide aktiva i høve utrekna negativ cash flow under eit definert stressa likviditetsscenario.



moglege individuelle tap og gjer avsetningar i høve til det.

Per 31.12.2019 vurderer banken at det òg i løpet av 2020 kan koma tap som følgje av utviklinga i

bransjane eigedom og varehandel.

For komande treårs-periode forventar banken at konsernet sine normaliserte tap på utlån og garantiar vil lågare enn 0,20 % av brutto utlån.

8. Organisasjon

Konsernet vert leia av adm. banksjef Mads A. Indrehus som tiltredde stillinga 01.04.2019 i samband med fusjon av Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank.

Personale

Ved utgangen av 2019 sysselsette både morbanken og konsernet Sogn Sparebank samla 49 personar i heil- eller deltidsstillingar, tilsvarande 48,6 årsverk, sjå note 22.

Sogn Sparebank er ei lærlingbedrift, og banken har ein lærling innan faget sal og service.

Morbanken har to pensjonsordningar: Ein innskotsbasert ordning og AFP-ordning. Den

innskotsbaserte ordninga gjeld for alle tilsette. Privat avtalefesta pensjon (AFP) er ei tariffbasert pensjonsordning for tilsette i privat sektor. Ytinga er livsvarig og kan bli teken ut frå fylte 62 år, under føresetnad av at vilkåra i AFP-vedtektene er stetta. Det er avtalt eigen pensjonsavtale for ein tilsett frå fylte 62 år. Yrkesskadeforsikring, reise- og gruppeliv-forsikring er dekke gjennom Eika Forsikring.

Forskiings- og utviklingsaktivitetar

Banken har ikkje hatt forskingsaktivitetar i 2019, og har heller ikkje planar om dette i 2021. Utviklingsaktivitetar skjer gjennom samarbeid i Eika Gruppen AS.

Helse, miljø og tryggleik

Det er etablert eit internkontrollsystem for helse, miljø og tryggleik (HMT).

I tillegg er det etablert eit system for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Banken føl opp sjukefråværet mellom anna ved å leggja til rette arbeidet for personar som har redusert arbeidsyting i periodar.

Sogn Sparebank hadde eit sjukefråvær på 5,6 % i 2019. Målet for banken er å halde seg innanfor

4 % sjukefråvær. Banken har ei god oppfølging av sjukefråværet.

Dei tilsette sine tillitsvalde og leiinga har jamlege møte. Samarbeidet har vore konstruktivt og godt, og har bidrege positivt til drifta av banken i 2019. Det har i 2019 ikkje skjedd ulukker eller skadar på arbeidsplassen.



Likestilling

Sogn Sparebank har ikkje utvikla ein eigen likestillingsplan. I styret er 44 % av medlemane kvinner. Dette er innanfor dei måla som er sett av styresmaktene.

I leiargruppa er 20 % av medlemane kvinne. Styret ser på kjønnsfordelinga samla sett i banken som akseptabel, men banken arbeider med å betre kjønnsfordelinga i leiande stillingar.

9. Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate Governance)

Eigarstyring og selskapsleiing i Sogn Sparebank omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet vert styrt og kontrollert etter, for å sikre eigenkapitalbevisegarane, kundar og andre grupper sine interesser i konsernet.

Verksemdstyringa skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gi auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

Banken har følgjande hovudprinsipp for eigarstyring og selskapsleiing:

- Verdiskaping for eigenkapitalbevisegarane og andre interessegrupper
- Ein struktur som sikrar målretta og uavhengig styring og kontroll
- Ein effektiv risikostyring
- Oversiktleg, lett forståeleg og rett informasjon
- Likehandsaming av eigenkapitalbevisegarane
- Halda lover, reglar og etiske standardar

For å ivareta interessene til eigarane med mindre andelar, so er det i vedtektene ei

stemmebegrensing som inneber at ingen på møte for eigenkapitalbevisegarane kan avgi stemme for eigenkapitalbevis som representerer meir enn 10 % av Sogn Sparebank sine totale utsteda eigenkapitalbevis.

Styret er ikkje kjend med avtalar mellom eigenkapitalbevisegarar som avgrensar høve til å omsetja eller utøva stemmerett for eigenkapitalbevisa, utover dei avgrensingane som lovverket set for finansinstitusjonar som Sogn Sparebank og banken sine vedtekter.

Sogn Sparebank har ingen eigenkapitalbevisordningar for tilsette og har heller ingen planar om å innføra det.

Banken sine prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing byggjer på «Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse». Ei nærare utgreiing for prinsippa og praksis for føretaksstyring i samsvar rekneskapslova § 3-3b, ligg ved i årsrapporten.



10. Samfunnsansvar

Sogn Sparebank har i samband med årsmeldinga for 2019 teke utgangspunkt i rekneskapslova §3-3 c om utgreiing om samfunnsansvar.

Sogn Sparebank skal skape verdiar for den regionen vi er ein del av. Det er sjølve fundamentet i verksemda vår. Utlån av kapital til både næringsutvikling og bustadbygging er den viktigaste samfunnsoppgåva vår.

Lokalsamfunn

Banken har teke ei bevisst haldning til samfunnsansvar ved å opprette eit gåveinstitutt med tildeling av midlar til ulike føremål etter søknad. Banken syner òg samfunnsansvar gjennom det etiske reglementet som regulerer forholdet til tilsette, kundar, konkurrentar, leverandørar, media og samfunnet generelt.

Styret meiner at Sogn Sparebank skal medverka til utviklinga av næringslivet i Sogn. Banken er budd på å ta del i eit slikt ansvar, men vil halde seg innanfor forretningsmessige vurderingar.

Sogn Sparebank er ein viktig medspelar til lag og organisasjonar i regionen vår. Styret har tru på at lokalsamfunna ser positivt på engasjementet til banken, og at slike tiltak er med på å styrke konkurranseevna i primærområdet.

Saman med gåvetildelingane viser banken med denne sponsorverksemda eit tydeleg samfunnsengasjement, og ansvar i dei områda banken er etablert. Dette engasjementet vil banken halde fram med.

Arbeid mot organisert kriminalitet og korrupsjon

Sogn Sparebank er forplikta til å støtte innsats for å kjempe mot organisert kriminalitet og terrorisme. Banken har rutinar og arbeid som sikrar at banken oppfyller pliktene etter kvitvaskingslova, slik at kundeforhold og transaksjonar med tilknytning til utbyte av straffbare handlingar eller med tilknytning til terrorhandlingar, blir førebygd og avdekka. Dette arbeidet vert gjort for mellom anna å sikre at midlar frå illegale kjelder ikkje kan

verte kvitvaska gjennom banksystemet, og deretter nyttast på lovleg vis. Arbeid med antikvitvask er ei dagleg oppgåve i banken.

Banken har etablert etiske retningslinjer som årleg blir revidert. Tilsette må skriva under på at dei har gått gjennom desse. Arbeidet er ein del av banken sin antikorrupsjonspolitik. Dette er eit arbeid som vil vere prioritert framover.

Menneskerettar

Menneskerettar blir meir og meir viktig i det internasjonale forretningslivet. Sogn Sparebank er ein regional bank med få internasjonale kundar. Banken er likevel bevisst på dette, og har til dømes som policy å ikkje investere i selskap eller fond som bryt menneskerettane, inkludert born sine rettार. Banken vil ha eit aktivt forhold til å ivareta menneskerettane.



Arbeidstakarrettar og sosiale forhold

Sogn Sparebank ynskjer å vere ein attraktiv arbeidsplass, som møter utfordringar med ei positiv haldning. Banken legg vekt på utvikling av banken sine medarbeidarar både fagleg og personleg, slik at dei tilsette er oppdatert på utviklinga og dei forventningar kundar og samarbeidspartar har. Banken ser det som viktig at kvar medarbeidar tek ansvar for eiga utvikling

og kompetanse. Samstundes legg banken til rette for det gjennom medarbeidersamtalar, utdanning, utvikling, sosiale arrangement og tilrettelegging.

Banken gjennomfører fortløpande sertifisering av tilsette innan fagområde der det krevst.

Det ytre miljø og berekraft

Sogn Sparebank er oppteken av at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet. Det er ein viktig del av samfunnsansvaret vårt å vere bevisst på kva påverknad vi har på naturen, klimaet og miljøet rundt oss.

teke i bruke digitale møteløysingar for å minimalisere reiseverksemda. Banken har ikkje etablert eit eige klimarekneskap for verksemda grunna dei svært små CO₂-utsleppa banken har, men har dette under fortløpande vurdering.

Banken sine CO₂-utslepp er minimale. Det er kun knytt til naudsynt reiseverksemd. Banken har

Koronaviruset 2020 – tiltak for å redusere smitte

Utbreiinga av koronaviruset i 2020, og tiltak for å redusere smitterisiko er forventa til å føre til betydelege utfordringar i heile samfunnet. Banken har som mål å ta samfunnsansvaret sitt på alvor, og har utarbeida beredskapsplan mellom anna for å vere med redusere smittefaren ved virusutbrotet. Tiltak pr. i dag er:

- Banken loggfører all fysisk kundekontakt f.o.m 12.03.2020
- F.o.m. 16.03.2020:
 - Banken har sett ned ei beredskapsgruppe som òg er smittevernleiar.
 - Det er sett i verk lokasjonsspesifikke hygiene- og smittereduserande tiltak for alle avdelingar i banken.

- Banken har utarbeida reglar for heimekontor, karantene og isolasjon.
- Banken har sett i verk møte- og reise-restriksjonar for tilsette og tillitsvalde.
- Banken sine ekspedisjonsstader er stengde for publikum, kun fysiske møte etter avtale.
- Tilsette med born i barnehage og/eller skule jobbar på heimekontor.
- Andre tiltak:
 - Banken har oppmoda tilsette om ikkje å reise kollektivt i rushtida.
 - Tilsette med symptom på luftveginfeksjonar skal vere heime.



11. Eigenkapitalbevis

Banken har skriva ut 632.500 eigenkapitalbevis pålydande 50 kroner. Eigenkapitalbeviset er eigenkapitalinstrumentet til sparebankvesenet.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2019 var 107,00 kroner pr. eigenkapitalbevis mot 104,00 kroner pr. 31.12.2018.

Det vart i 2019 betalt utbytte 2,00 kroner pr. eigenkapitalbevis for år 2018.

I samsvar med utbyttepolitikken i banken har styret gjort framlegg om å utbetala 3,00 kroner i utbytte pr. eigenkapitalbevis for 2019. Det blir tilført 2,78 kroner pr. eigenkapitalbevis blir utjamningsfondet.

12. Avslutning

Styret meiner at det framlagde årsrekneskapet saman med notar og styret si årsmelding gir eit korrekt bilete av banken si økonomiske og finansielle stilling.

Årsrekneskapet for 2019 er avlagt under føresetnad om framleis drift. Til grunn for dette ligg banken si langsiktigheit, strategiske plan, og resultatprognosar for dei næraste åra. Banken har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

For disponering av resultatet syner styret til eigenkapitaloppstillinga.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.

Utsiktene framover - utbreiing av koronaviruset i 2020

Utbreiinga av koronaviruset i 2020 og tiltak for å redusere smitterisiko er forventa til å føre til betydelege utfordringar for næringslivet med tilhøyrande verknader for arbeidstakarane, når aktiviteten i næringslivet etterkvart blir redusert. Situasjonen vil òg påverke banken. I første rekke aukar risikoen knytt til verdien av banken sine utlån. Vi forventar redusert inntening som ein konsekvens av utfordringane bedrifter i mange bransjar vil møte. Permitteringar i fleire bransjar kan gi redusert lønnsinntekt og dermed redusert evne til å betene låneforpliktingar. Sogn Sparebank er eksponert mot bransjar som det er

forventa vil få utfordringar, blant anna reiseliv. Banken sine utlån til, investeringa i, og lån til tilsette i desse bransjane kan falle i verdi og gi auka tap.

Banken vurderer at det er høg grad av usikkerheit knytt til framtidig utvikling. Konsekvensane for banken er vanskeleg å estimere. Sogn Sparebank er pr. i dag godt kapitalisert. Banken har som mål å ta samfunnsansvaret sitt på alvor, og støtte banken sine kundar i den vanskelege situasjonen fleire av desse allereie er i, eller kan kome i.



Styret vil takka kundane for god og lojal oppslutnad om banken i 2019. Vidare takkar styret alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og godt samarbeid i året som gjekk.

Årdalstangen den 24. mars 2020.



Morten Kristiansen
Styreleiar



Arve Tokvam



Olav Vikøren




Siv Enerstvedt




Anne Maria Langeland



Anne Espeland



Håkon Seim Lysne



Anette Huun Jevnaker
Tilsettere representant



Leidulv Finden
Tilsettere representant



Mads Arnfinn Indrehus
Adm. banksjef



A person with long blonde hair, wearing a patterned jacket and red pants, is sitting on a rocky mountain peak. They are looking out over a vast landscape that includes a large fjord, rolling mountains, and a blue sky with scattered white clouds. The scene is captured from a high vantage point, emphasizing the scale and beauty of the natural environment.

Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019

Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2019


Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapet 2019 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar, og at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at årsmeldinga gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken sto overfor i 2019.

Ardalstangen den 24. mars 2020.



Morten Kristiansen
Styreleiar



Arve Tokvam



Olav Vikøren




Siv Enerstvedt




Anne Maria Langeland




Anne Espeland



Håkon Seim Lysne



Anette Huun Jevnaker
Tilsettere representant



Leidulv Finden
Tilsettere representant



Mads Arnfinn Indrehus
Adm. banksjef



A person with long blonde hair, wearing a patterned sweater and red pants, is sitting on a rocky mountain peak. They are looking out over a vast landscape that includes a fjord, mountains, and a blue sky with scattered clouds. The scene is captured from a high angle, emphasizing the scale of the natural environment.

Resultat- og balanserekneskap

Resultatrekneskap

<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Notar	Morbank		Konsern	
		2019	2018	2019	2018
Renteinntekter frå eigendelar vurdert til amortisert kost		160 342	94 201	160 370	94 164
Renteinntekter frå andre eigendelar		1 999	1 066	2 000	1 066
Rentekostnader og liknande kostnader		57 415	32 045	57 437	32 045
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	Note 19	104 927	63 221	104 933	63 185
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		28 910	22 668	28 910	22 668
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		4 402	4 264	4 402	4 264
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		14 853	8 011	14 853	8 011
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		7 403	1 321	7 403	1 321
Resultatandel investering i tilknytt selskap		0	0	0	49
Andre driftsinntekter		1 992	408	6 076	6 166
Netto andre driftsinntekter		48 756	28 144	52 840	33 951
Løn og andre personalkostnader	Note 22	43 181	30 734	45 106	33 528
Andre driftskostnader	Note 24	48 496	29 332	49 966	31 237
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigendelar		7 022	2 677	6 979	2 631
Sum driftskostnader		98 700	62 743	102 051	67 396
Resultat før tap		54 983	28 622	55 722	29 740
Tap på utlånsgasjement og garantiar		24 296	4 596	24 296	4 596
Resultat før skatt		30 687	24 027	31 426	25 144
Skattekostnad	Note 26	2 544	4 659	2 708	4 916
Resultat av ordinær drift etter skatt		28 143	19 368	28 718	20 228
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>					
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkelig verdi over utvida resultat		2 684	9 174	2 684	9 174
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		2 684	9 174	2 684	9 174
Sum utvida resultat		2 684	9 174	2 684	9 174
Totalresultat		30 828	28 541	31 402	29 402
Resultat og utvatna resultat per eigenkapitalbevis		5,78	8,67	5,91	9,11
<i>Resultat etter skatt</i>					
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt				28 543	20 046
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden etter skatt				175	183
<i>Totalresultat</i>					
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				31 227	29 220
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				175	183



Balanse

Tal i tusen kroner	Notar	Morbank		Konsern	
		2019	2018	2019	2018
Kontantar og fordringar på sentralbankar		197 222	251 270	197 222	251 270
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		307 463	75 281	306 870	75 569
Utlån til kundar		5 415 718	3 067 723	5 415 718	3 067 723
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	Note 29-31	335 983	195 280	335 983	195 280
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 29-31	299 761	114 110	299 761	114 110
Investering i dotterselskap	Note 32	8 829	8 429	0	0
Investering i tilknyttta selskap	Note 32	135	135	191	240
Goodwill		0	0	0	113
Utsett skattefordel	Note 26	0	2 641	0	2 144
Varige driftsmidlar		70 233	19 012	82 064	30 855
Overtekne og andre eigendelar		41 877	7 329	43 423	9 499
Sum eigendelar		6 677 220	3 741 210	6 681 232	3 746 803

Balanse - Gjeld og eigenkapital

Tal i tusen kroner	Notar	2019	2018	2019	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	Note 36	200 124	291	200 717	552
Innskot frå kundar	Note 37	5 121 488	2 865 534	5 104 862	2 853 512
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	Note 38	401 019	400 586	401 019	400 586
Betalbar skatt	Note 26	5 194	7 528	5 358	7 785
Utsett skatt	Note 26	1 753	0	2 249	0
Anna gjeld	Note 39	45 490	16 084	61 134	29 904
Ansvarleg lånekapital		0	50 349	0	50 349
Sum gjeld		5 775 068	3 340 372	5 775 339	3 342 688
Eigenkapitalbeviskapital	Note 40	31 625	31 625	31 625	31 625
- Eigne eigenkapitalbevis		-673	0	-673	0
Overkursfond		32 812	32 812	32 812	32 812
Fondsobligasjon		40 000	40 000	40 000	40 000
Sum innskoten eigenkapital		103 764	104 437	103 764	104 437
Annan eigenkapital		762 354	261 758	764 476	264 884
Minoritet		0	0	3 830	3 655
Fond for urealiserte vinstar		36 035	34 643	33 823	31 139
Sum oppent eigenkapital		798 388	296 401	802 129	299 678
Sum eigenkapital		902 153	400 837	905 893	404 115
Sum gjeld og eigenkapital		6 677 220	3 741 210	6 681 232	3 746 803

Årdalstangen den 24. mars 2020.



Morten Kristiansen
Styreleiar



Arve Tokvam



Olav Vikøren




Siv Enerstvedt



Anne Maria Langeland



Anne Espeland




Håkon Seim Lysne



Anette Huun Jevnaker
Tilsettere representant



Leidulv Finden
Tilsettere representant



Mads Arnfinn Indrehus
Adm. banksjef



A person with long blonde hair, wearing a patterned jacket and red pants, is sitting on a rocky ledge on a steep, grassy mountain slope. They are looking out over a vast landscape featuring a deep blue fjord, rugged mountains, and a sky with scattered white clouds. The scene is captured from a high angle, emphasizing the scale of the natural environment.

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2019

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital					Sum egenkapital
	Eigenkapitalbevis	Eigne egenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Minoritet	
Eigenkapital 01.01.2018	31 625	0	32 812	40 000	186 351	36 456	23 490	23 072	3 472	377 272
Resultat etter skatt					13 031	6 515	500		183	20 229
Verdiendring på finansielle eigendelar over utvida resultat								9 174		9 174
Totalresultat 31.12.2018	0	0	0	0	13 031	6 515	500	9 174	183	29 402
Utbetalt utbyte for 2017										0
Utbetalt frå gåvefond							-73			-73
Tilbakebetaling av fondsobligasjon		-40 000								-40 000
Opptak av fondsobligasjon		40 000								40 000
Realisert gevinst/tap omfordelt frå utvida resultat					747	360		-1 106		0
Renter på fondsobligasjon					-1 677	-807				-2 484
Eigenkapital 31.12.2018	31 625	0	32 812	40 000	198 452	42 523	23 917	31 139	3 655	404 118
Eigenkapital 01.01.2019	31 625	0	32 812	40 000	198 452	42 523	23 917	31 139	3 655	404 118
Resultat etter skatt					22 098	4 027	2 417		175	28 718
Verdiendring på finansielle eigendelar over utvida resultat								2 684		2 684
Totalresultat 31.12.2019	0	0	0	0	22 098	4 027	2 417	2 684	175	31 402
Transaksjonar ved fusjon		-673			468 119		7 040			474 486
Utbetalt utbyte for 2018										-1 265
Utbetalt frå gåvefond							-500			-500
Nedskrivning av goodwill					-97	-16				-113
Renter på fondsobligasjon					-1 919	-315				-2 234
Eigenkapital 31.12.2019	31 625	-673	32 812	40 000	686 653	44 954	32 874	33 823	3 830	905 894



Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.12.2019

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital				Sum egenkapital	
	Eigenkapitalbevis	Eigne egenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjammingsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinster		Minoritet
Eigenkapital 01.01.2018	31 625	0	32 812	40 000	185 523	36 118	23 490	25 283	0	374 852
Resultat etter skatt					13 077	6 291				19 368
Verdiendring på finansielle eigendelar over utvida resultat								9 174		9 174
Totalresultat 31.12.2018	0	0	0	0	13 077	6 291	0	9 174	0	28 541
Utbetalt utbyte for 2017										0
Utbetalt frå gåvefond							-73			-73
Tilbakebetaling av fondsobligasjon		-40 000								-40 000
Opptak av fondsobligasjon		40 000								40 000
Realisert gevinst/tap omfordelt frå utvida resultat					747	360		-1 106		0
Renter på fondsobligasjon					-1 677	-807				-2 484
Eigenkapital 31.12.2018	31 625	0	32 812	40 000	197 671	41 961	23 417	33 350	0	400 837
Eigenkapital 01.01.2019	31 625	0	32 812	40 000	197 671	41 961	23 417	33 350	0	400 837
Resultat etter skatt					21 755	3 971	2 417			28 143
Verdiendring på finansielle eigendelar over utvida resultat								2 684		2 684
Totalresultat 31.12.2019	0	0	0	0	21 755	3 971	2 417	2 684	0	30 828
Transaksjonar ved fusjon		-673			468 119		7 040			474 486
Utbetalt utbyte for 2018						-1 265				-1 265
Utbetalt frå gåvefond							-500			-500
Renter på fondsobligasjon					-1 919	-315				-2 234
Eigenkapital 31.12.2019	31 625	-673	32 812	40 000	685 626	44 352	32 374	36 035	0	902 152

Framlegg til utbyte vert ikkje ført ut av banken sin egenkapital før formelt vedtak er fatta i generalforsamlinga.

Framlegg til utbyte er 3,00 kroner pr. egenkapitalbevis.

	2019	2018
Framlegg til utbyte	3	2



A person with long blonde hair, wearing a patterned jacket and red pants, is sitting on a rocky ledge on a mountain. They are looking out over a vast landscape featuring a large fjord, rolling mountains, and a blue sky with scattered clouds. The scene is captured from a high vantage point, emphasizing the scale of the natural environment.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstrømoppstilling

Tal i tusen kroner	Morbank		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar				
Netto utbetaling av utlån til kundar	-198 979	-232 460	-198 979	-232 460
Renteinnbetalningar på utlån til kundar	171 090	91 041	171 090	91 004
Overtekne eigendelar	-1 382	98	-1 382	98
Netto innbetaling av innskot frå kundar	200 650	149 723	200 650	150 309
Renteutbetalningar på innskot frå kundar	-46 822	-23 115	-46 822	-23 115
Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	-9 933	13	-9 933	-223
Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	813	1 976	813	1 976
Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	4 580	-35 027	4 580	-35 027
Renteinnbetalningar på sertifikat og obligasjonar	2 100	1 007	2 100	1 007
Netto provisjonsinnbetalningar	26 629	18 403	26 629	18 403
Utbetaling ved kjøp av kortsiktige investeringar i aksjar	-121 309	141	-122 942	141
Innbetaling frå sal av kortsiktige investeringar i aksjar	144 852	0	144 852	0
Utbetalningar til drift	-116 430	-56 232	-116 078	-56 120
Betalt skatt	-2 764	-3 783	-2 764	-3 919
Utbetalte gåver av overskot	-500	-50	-500	-50
A Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	52 595	-88 265	51 314	-87 976
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar				
Investering i varige driftsmidlar	-988	0	-988	0
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	0	3 691	0	3 691
Langsiktige investeringar i aksjar	-10 136	-11 116	-10 136	-11 116
Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	6 890	40 391	6 890	40 391
Innbetaling av kontantar og fordringar på bankar ved fusjon	209 492	0	209 492	0
Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	14 853	8 011	14 853	8 011
Netto utbetaling ved investering i dotterselskap	-400	0	0	0
B Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	219 711	40 977	220 111	40 977
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar				
Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	200 000	100 000	200 000	100 000
Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir	-200 000	-50 000	-200 000	-50 000
Renteutbetalningar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-9 500	-7 202	-9 500	-7 202
Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-30 000	0	-30 000	0
Utbyte fondsobligasjon	-2 234	-2 484	-2 234	-2 484
Opptak av fondsobligasjon	0	40 000	0	40 000
Tilbakebetaling av fondsobligasjon	0	-40 000	0	-40 000
Tilbakebetaling av ansvarleg lånekapital	-50 000	0	-50 000	0
Renteutbetalningar på ansvarleg lånekapital	-1 173	-1 372	-1 173	-1 372
Utbyte til eigenkapitalbevisegarane	-1 265	0	-1 265	0
C Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-94 172	38 942	-94 172	38 942
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	178 134	-8 346	177 253	-8 057
Likvidetsbeholdning 1.1	326 551	334 896	326 839	334 896
Likvidetsbeholdning 31.12	504 685	326 550	504 092	326 839
Likvidetsbeholdning spesifisert:				
Kontantar	197 222	251 270	197 222	251 270
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	307 463	75 281	306 870	75 569
Likvidetsbeholdning	504 685	326 551	504 092	326 839



A person with long blonde hair, wearing a patterned jacket and red pants, is sitting on a rocky ledge on a mountain. They are looking out over a vast landscape featuring a deep blue fjord, rugged mountains, and a sky with scattered white clouds. The scene is captured from a high vantage point, emphasizing the scale and beauty of the natural environment.

Proformarekneskap

Proformarekneskap

	Årsrekneskap ¹		Proformarekneskap ²	
	Konsern		Konsern	
Tal i tusen kroner	2019	2018	2019	2018
Resultattal				
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	104 933	63 185	116 514	107 453
Netto provisjonsinntekter og netto andre driftsinntekter	30 584	24 619	33 425	37 649
Netto avkastning finansielle investeringar	22 256	9 332	23 504	21 836
Sum driftsinntekter	157 773	97 136	173 443	166 938
Sum driftskostnader	102 050	67 396	113 699	110 077
Resultat før tap	55 723	29 741	59 744	56 861
Tap på utlånsengasjement og garantiar	24 296	4 596	24 251	6 128
Resultat før skatt	31 427	25 145	35 493	50 733
Skattekostnad	2 708	4 916	3 841	9 974
Resultat av ordinær drift etter skatt	28 719	20 228	31 652	40 759
Forholdstal:				
Balansetal				
Brutto utlån	5 451 846	3 077 554	5 451 846	5 213 318
Eika Boligkreditt AS	1 102 935	1 092 653	1 102 935	1 214 204
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	6 681 236	4 170 207	6 681 232	6 427 522
Innskot frå kundar	5 104 862	2 853 512	5 104 862	4 962 811
Innskotsdekning morbank	93,94 %	93,11 %		
Forvaltningskapital	6 680 736	3 746 803	6 680 736	6 457 739
Gjennomsnittleg foraltningskapital 13 mnd. snitt	6 016 681	3 677 463	6 661 747	
Lønsemd				
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,74 %	1,66 %	1,75 %	1,66 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskap.	1,70 %	1,92 %	1,70 %	1,71 %
Kostnadsprosent	67,87 %	70,34 %	67,87 %	65,41 %
Eigenkapitalavkastning	4,47 %	5,23 %	4,47 %	4,69 %

¹Årsrekneskap:

I 2019 er det tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank.

31.12.2018 er tal for Indre Sogn Sparebank.

Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019.

²Proformarekneskap:

Er tal for Sogn Sparebank som om bankane fusjonerte 01.01.2019.

Frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank.





Notar

Innholdsliste notar

1. Generell informasjon
2. Rekneskapsprinsipp
3. Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar
4. Kapitalstyring og kapitaldekning
5. Risikostyring
6. Kredittrisiko
7. Fordeling av utlån
8. Misleghaldne og tapsmerka engasjement
9. Forfalne og tapsutsette lån
10. Eksponering av utlån
11. Nedskrivningar og tap
12. Store engasjement
13. Sensitivitet
14. Likviditetsrisiko
15. Valutarisiko
16. Kursrisiko
17. Renterisiko i utlånsporteføljen
18. Renterisiko
19. Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter
20. Segmentinformasjon
21. Andre inntekter
22. Løn og andre personalkostnader
23. Godtgjerelse til tillitsvalde og leiande tilsette
24. Andre driftskostnader
25. Transaksjonar med nærstående
26. Skattar
27. Kategoriar av finansielle instrument
28. Verkeleg verdi på finansielle instrument
29. Sertifikat og obligasjonar
30. Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultat
31. Aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over utvida resultat
32. Datterselskap og tilknytt selskap
33. Varige driftsmidlar
34. Leigeavtalar
35. Andre eigendelar
36. Innlån frå kredittinstitusjonar
37. Innskot frå og gjeld til kundar
38. Verdipapirgjeld og kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar
39. Anna gjeld og pensjonskostnader
40. Eigarandelskapital og eigarandelstruktur
41. Resultat og utbytte pr. eigenkapitalbevis
42. Garantiar
43. Transaksjonar med nærstående partar
44. Proforma informasjon - fusjon
45. Hending etter balansedag

1. Generell informasjon

Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank ved di side. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Gjennom Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS tilbyr banken egedomsmeikling. Marknaden for Sogn Sparebank vil innanfor bedriftsmarknaden vere små og mellomstore verksemdar i Sogn. Innanfor personmarknaden skal banken i utgangspunktet vere landsdekkande, med fokus på vekstområde og store byer, men Sogn skal vere det prioriterte marknadsområdet. Sogn Sparebank er registrert og heimehøyrande i Noreg med forretningsadresse på Årdalstangen. Banken har postadresse:

Statsråd Evensensveg 8, 6885 Årdalstangen

Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2019 til 31.12.2019. Alle tal er presenterte i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Rekneskapet vart vedteke av styret den 24. mars 2020 og av generalforsamlinga den 15. april 2020.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

2. Rekneskapsprinsipp

Prinsipp for konsolidering og rekneskapsmessig handsaming av tilknytt selskap

I konsernrekneskapet for Sogn Sparebank inngår Sogn Sparebank (mor), Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS (dotter), Sogn Sparebank Egedom AS (dotter) og Sogn Forsikring AS (tilknytt selskap).

Konsolidering

Konsernrekneskapet er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Det er brukt einsarta rekneskapsprinsipp for selskap som inngår i konsernrekneskapet. Alle vesentlege konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealiserte vinstar og tap på transaksjonar mellom selskap som inngår i konsernet, er eliminert ved konsolidering av konsernrekneskapet.

Dotterselskap

Dotterselskap er alle einingar (inkludert strukturerte einingar) som konsernet har kontroll over. Kontroll over ei eining oppstår når konsernet er utsett for variabilitet i avkastinga frå eininga og har evna til å påverke denne avkastinga gjennom makta si over eininga. Dotterselskap blir konsolidert frå den

dagen kontroll oppstår, og blir dekonsolidert når kontroll opphøyrer.

Ved oppkjøp av verksemd vert oppkjøpsmetoden nytta. Vederlaget som er ytt blir målt til verkeleg verdi av overførte eigendelar, pådregne forpliktingar og utsteda eigenkapitalinstrument. Inkludert i vederlaget er òg verkeleg verdi av alle eigendelar eller forpliktingar som følgje av avtale om betinga vederlag. Identifiserbare eigendelar, gjeld og betinga forpliktingar blir rekneskapsført til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet. Ikkje-kontrollerande eigarinteresser i det oppkjøpte føretaket blir målt frå gong til gong enten til verkeleg verdi, eller til sin del av nettoeigendelane til det overtekne føretaket.

Utgifter knytt til oppkjøp blir kostnadsført når dei påløper.

Når oppkjøpet skjer i fleire trinn, skal eigarandel frå tidlegare kjøp verdsetjast på nytt til verkeleg verdi på kontrolltidspunktet med resultatføring av verdiendringa.



Betinga vederlag blir målt til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet. Etterfølgjande endringar i verkeleg verdi av det betinga vederlaget skal i høve til IFRS 3 resultatførast, dersom det betinga vederlaget blir klassifisert som ein eigendel eller gjeld.

Det blir ikkje føreteke ny verdimåling av betinga vederlag klassifisert som eigenkapital, og etterfølgjande oppgjjer blir ført mot eigenkapitalen.

Konserninterne transaksjonar, mellomvære og urealisert vinst mellom konsernselskap blir eliminert. Urealisert tap blir òg eliminert. Rapporterte tal frå dotterselskapa blir omarbeidd om nødvendig for å oppnå samsvar med konsernet sine rekneskapsprinsipp.

Tilknytt selskap

Tilknytte selskap er selskap der konsernet har betydeleg innflytelse, men ikkje kontroll. Betydeleg innflytelse ligg føre normalt der konsernet har mellom 20 og 50 % av stemmerettane. Investeringar i tilknytte selskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden. Konsernet sin del av over- eller underskot i tilknytt selskap vert resultatført og blir lagt til balanseført verdi av investeringa. Konsernet sin del av utvida resultat i det tilknytte selskapet blir ført i utvida resultat i konsernet, og blir lagt til balanseført beløp. Balanseført beløp inkluderer eventuell implisitt goodwill identifisert på kjøpstidspunktet, redusert ved eventuelle seinare nedskrivningar.

Samandrag av dei viktigaste rekneskapsprinsippa

Grunnlag for utarbeiding av årsrekneskapet

Konsernrekneskapet er utarbeida i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsett av EU, publisert av International Accounting Standards Board (IASB) og som er pliktige pr. 31. desember 2019.

Konsernrekneskapet legg til grunn prinsippa i eit historisk kost rekneskap, med unntak av følgjande rekneskapspostar: revaluering av tomtar, finansielle derivat, og finansielle eigendelar og forpliktingar vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Konsernrekneskapet er utarbeida etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar og hendingar under elles like forhold.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøva skjøn. Område som i høg grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar eller høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for rekneskapet, vil bli gjort greie for i note i årsrekneskapet. Rekneskapet er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Konsernet har i 2019 teke i bruk i følgjande nye standardar og endringar

IFRS 16 Leigeavtalar

Bakgrunn

IFRS 16 erstattar IAS 17 som banken tidlegare har nytta. IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og opplysningar om leigeavtalar for høvesvis leigetakar og utleigar i ein leigeavtale. IFRS 16 krev at leigetakar reknar inn eigendelar og forpliktingar for de fleste leigeavtalar, noko som er ein vesentleg endring frå prinsippa som er i dag.

Rekneskapet for 2018 er avlagt etter IAS 17. IFRS 16 tredje i kraft for rekneskapsperiodar som tok til 1. januar 2019 eller seinare. Banken tok i bruk IFRS 16 frå 1. januar 2019.

Leigeavtalar der banken er leigetakar

Konsernet vurderer om ein kontrakt inneheld ein leigeavtale ved inngåing av kontrakten. Konsernet innreknar ein bruksretteigendel og ei tilhøyrande leigeforplikting for alle leigeavtalar der konsernet er leigetakar, med unntak av kortsiktige leigeavtalar (definert som leigeavtalar med en leigeperiode på 12 månadar eller mindre) og leigeavtalar der underliggjande



eigendel har låg verdi (som t.d. PC-ar, mindre kontorutstyr, inventar). For desse leigeavtalane vert leigebetalningane innrekna som ein driftskostnad på lineær basis over leigeperioden.

På tidspunktet iverksetjing for leigeavtalen blir det innrekna ei leigeforplikting til noverdien av framtidige leigebetalningar, neddiskontert med marginal lånerente.

I det etterfølgjande blir leigeforpliktinga målt ved å auke den balanseførde verdien for å gjenspegle renta for leigeforpliktinga og reduserer den balanseførde verdien for å gjenspegle utførde leigebetalningar. Leigeforpliktinga blir målt på nytt når det skjer ei endring i framtidige leigebetalningar som oppstår som følge av endring i ein indeks eller viss banken endrar vurdering om den vil utøve forlengings- eller termineringsopsjonar. Når leasingforpliktinga blir målt på nytt på denne måten, blir det føreteken ein tilsvarande justering av balanseført verdi av bruksretten, eller det blir ført i resultatet dersom den balanseførte verdien av bruksretten er redusert til null.

På tidspunktet iverksetjing blir bruksrette-eigendelen målt til anskaffelseskost. Anskaffelseskost består av førstgongsmålinga av leigeforpliktinga, med tillegg av leigebetalningar før eller på tidspunktet iverksetjing, med tillegg av direkte utgifter ved avtaleinngåing og fråtrekt leigeincentiv. Bruksretteigendelen blir målt i det etterfølgjande til anskaffelseskost fråtrekt avskrivningar og eventuelle nedskrivningar. Bruksretteigendelen blir avskreven over leigeperioden. Leigeforpliktingar og bruksretteigendelar blir presentert på separate linjer i balanseoppstillinga.

Overgangsreglar

Indre Sogn Sparebank har laga opningsbalansen 01.01.2019 etter prinsippa i IFRS 16. Det er høve til å unnlate å utarbeide samanlikningstal for historiske periodar, og banken har vald å ikkje utarbeide samanlikningstal.

Overgangseffektar

Leigerettane til banken er i vesentleg grad leigde eigendomar i Øvre Årdal, Sogndal og Bergen.

Effekt av IFRS 16 for banken pr. 01.01.2019 medførde ei balanseføring av leigerett på 16,7 mill. kroner og tilsvarande auka balanseført leigeforplikting på 16,7 mill. kroner. Eigenkapitalen vart ikkje påverka. Implementering av IFRS 16 hadde uvesentleg påverknad på banken sin soliditet.

IAS 8 (28)

Banken brukte følgjande standardar og endringar for første gong i sin årlege rapporteringsperiode som startar 1. januar 2019:

- IFRS 16 Leigekontraktar
- Forskotsutbetalingsfunksjonar med negativ kompensasjon - Endringar i IFRS 9
- Langsiktige interesser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemder - endringar i IAS 28
- Årlege forbetringar av IFRS-standardar 2015 - 2017 syklus
- Planendring, avkorting eller oppgjjer - endringar i IAS 19
- Tolking 23 Usikkerheit rundt skattemessige behandlingar

Banken valde òg å ta tidleg i bruk følgjande endringar:

- Definisjon av vesentlegheit - endringar i IAS 1 og IAS 8.

Konsernet måtte endra rekneskapsprinsippa sine som eit resultat av å innføre IFRS 16. Banken valde å ta i bruk dei nye reglane retrospektivt, men anerkjende kumulativ effekt av først å bruke den nye standarden 1. januar 2019, sjå note 34. Dei andre endringane nemnde ovanfor hadde ingen innverknad på beløpa som er innrekna i tidlegare periodar, og det blir ikkje forventa at det vil påverka noverande eller framtidige periodar vesentleg.

Konsernet har ikkje teke i bruk i følgjande nye standardar og endringar

IAS 8 (30)

Visse nye rekneskapsstandardar og tolkingar er publisert som ikkje er obligatoriske i rapporteringsperiodar 31. desember 2019, og som ikkje er blitt tidleg vedtekne av konsernet. Desse standardane er ikkje forventa å ha vesentleg innverknad på eininga i inneverande eller framtidige rapporteringsperiodar, og på føreseielege framtidige transaksjonar.



Rekneskapsprinsipp nytta i 2019

Segmentinformasjon

I balansen har banken splitta utlån og innskot etter geografi, sektor og næring. Det vert vist til note 7 og 37 for utlån og innskot. Morbanken rapporterer i segmenta, privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM), og følgjeleg er resultat og balanse splitta i desse to segmenta, sjå note 20.

Inntekts- og kostnadsføring

Inntektsføring

Inntekter vert resultatført som kommentert nedanfor:

Sal av tenester

Sal av tenester vert resultatført i den perioden tenesta vert utført.

Renteinntekter

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette inneber løpande inntektsføring av renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, og eventuelt restverdi ved utløpet av forventa løpetid.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost. For rentebærande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet, blir den nominelle renta løpande inntektsført, medan verdiendringar blir rekneskapsført ved periodeslutt. Det blir kun berekna renteinntekt av netto bokført verdi på engasjement som har kredittap.

Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån er inkludert på linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar

Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane ved berekning av amortisert kost og blir inntektsført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna

gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa skjer når tenestene er levert.

Inntekt frå utbyte

Utbyte frå investeringar blir resultatført på tidspunktet som utbytet er vedteke på generalforsamlinga. Utbyte på eigenkapitalinstrument klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat, blir ført over ordinært resultat når banken sin rett til utbyte er fastslått.

Leigeinntekter

Leigeinntekter blir inntektsførde løpande, etter kvart som dei blir opptente.

Andre inntekter

IFRS 15

Frå 01.01.2018 implementerte banken IFRS 15 Driftsinntekter frå kontraktar med kundar som erstattar IAS 18 Driftsinntekter med unntak av kontraktar med kundar som blir rekneskapsført etter reglane i IFRS 9. IFRS 15 har ikkje påverka banken si finansielle stilling eller resultat.

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førde som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året, vert inntektsførde og oppført som tilgodehavande i banken sin balanse.

Valuta

Fordringar og gjeld i valuta er rekna om til NOK etter midtkursar frå Noregs Bank på balansedagen. Inntekter og kostnader i valuta er rekna om til NOK etter kursane på transaksjonstidspunktet. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen vert resultatført.



Finansielle instrument – innrekning og frårekning

IFRS 9

IFRS 9 vart implementert for banken med verknad frå 01.01.2018.

Klassifisering av gjeldsinstrument på eigendelssida er bestemt av banken sin forretningsmodell for handtering av dei finansielle eigendelane og dei kontraktsfesta kontantstraumane. IFRS 9 angir to klassar: Amortisert kost og verkeleg verdi.

For ei detaljert beskriving samt banken si tilnærming til rekneskapsstandarden, sjå kapittel rekneskapsprinsipp og note 36 i årsmelding og rekneskap for 2018, herunder beskriving av endring i rekneskapsprinsipp, ny modell for klassifisering og måling av finansielle eigendelar og ny modell for nedskrivning av finansielle eigendelar.

Finansielle instrument klassifisering

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av dei følgjande kategoriane, avhengig av typen instrument og føremålet med investeringa:

Finansielle eigendelar klassifiserast i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over ordinært resultat

Finansielle forpliktingar klassifiserast som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

Klassifisering og måling i høve til IFRS 9 krev at alle finansielle eigendelar som er pengekrav, blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta.

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med henvising til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, utan

frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å framskaffe eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, blir den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein egna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekte marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, henvising til løpande verkeleg verdi av eit anna instrument som er praktisk talt det same, diskontert kontantstraumberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsetjingsmodellar, så blir dei nytta.

Ein analyse av verkeleg verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om målinga av desse blir gitt opp i eigen note i samband med avlegging av årsrekneskapet.

Likviditetsporteføljen til banken er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene blir berekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalte av kunden, og eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta.

Utlån med flytande og fast rente er klassifisert



til amortisert kost. Banken nyttar ikkje fair value option på utlån med fast rente. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 60 %. Banken overfører ikkje utlån frå eigen balanse. Banken har difor klassifisert utlån som kan overførast til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Finansielle forpliktingar vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode. Når tidshorizonten for den finansielle forpliktinga sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved berekning av amortisert kost. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassane innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

Måling av finansielle garantiar

Utsteda finansielle garantiar blir vurdert til verkeleg verdi, som ved første gongs rekneskapsføring blir sett på som motteke vederlag for garantien. Ved etterfølgjande måling blir utsteda finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottekne vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførde amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.

Innlån og innskot frå og gjeld til kundar

Innlån vert rekneskapsført til verkeleg verdi når utbetaling av innlånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader. I etterfølgjande periodar vert innlån rekneskapsført til amortisert kost utrekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det utbetalte lånebeløpet (fråtrekt transaksjonskostnader) og innløysingsverdien, vert resultatført over løpetida til innlånet.

Nedskriving av finansielle eigendelar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast

for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning. Eit kredittap har oppstått når kunden er rekna for å vere i mislighald, sjå beskriving av sannsynlegheit for misleghald.

Nedskrivingsmodell i banken

Eika har utvikla eigne modellar for berekning av sannsynlegheit for misleghald (PD) og tap ved misleghald (LGD). SDC har vidare utvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering av om eit engasjement har hatt vesentleg auke sidan første gongs innrekning, som banken har vald å nytta. Forventa kredittap (ECL) vert berekna som $PD \times LGD \times EAD$, neddiskontert med opprinneleg effektiv rente.

Beskriving av sannsynlegheit for misleghald (PD) - PD modellen

PD-modellen i Eika estimerer sannsynlegheit for misleghald ved å estimera statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtferd. Misleghald er definert som overtrekk på minimum 1.000 kroner i 90 dagar samanhengande, i tillegg til andre kvalitative indikatorar som tilseier at engasjementet er misleghalde. Andre kvalitative indikatorarar til dømes svekka kredittverdighet hjå kunden som medfører nedskriving, endringar i kunden sine vilkår som følgje av betalingsproblem og banken antek at verdien av kontantstraumen blir svekka med eit ikkje uvesentleg beløp, banken antek det vil bli opna gjeldsforhandling, konkurs eller offentleg administrasjon hjå kunden, eller at banken av andre grunnar antek at forpliktinga ikkje vil bli oppfylt.

Modellen skil mellom personkundar og



bedriftskundar, og måler sannsynlegheit for misleghald for dei neste 12 månadar (PD). Personkundemodellen skil vidare på kundar med og utan bustadlån. Bedriftskundemodellen skil mellom eigedomsselskap, avgrensa personleg ansvar og uavgrensa personleg ansvar.

Betalingsåtferd krev seks månadar med historikk før ho får påverknad i modellen. Det betyr at nye kundar vil ha seks månadar med kun ekstern modell før intern modell blir nytta. Modellane blir årleg validert og rekallibrert ved behov. Ved forringing av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

Ved berekning av sannsynlegheit for misleghald over forventa levetid på engasjementet (PD-liv), blir det nytta ein migrasjonsbasert framskrivning for å estimera forventa misleghald fram i tid, basert på utvikling i PD siste 12 månadar.

Vesentleg auke i kredittrisiko

Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt basert på utvikling i PD. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko som ein auke i opprinneleg PD ved første gongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fanga opp relativ utvikling i kredittrisiko.

For engasjement som hadde opprinneleg PD 12 mnd. mindre enn 1 %, er vesentleg auke definert som:

$PD\ 12\ mnd. > PD\ 12\ mnd.\ ini + 0,5\ \% \text{ og } PD\ liv > PD\ rest\ liv\ ini * 2$

For engasjement som hadde opprinneleg PD 12 mnd. over eller lik 1 %, er vesentleg auke definert som:

$PD\ 12\ mnd. > PD\ 12\ mnd.\ ini + 2\ \% \text{ eller } PD\ liv > PD\ rest\ liv\ ini * 2$

Det har òg oppstått vesentleg auke i kredittrisiko når ein kunde har restansar over kr. 1.000 i meir enn 30 dagar og når ein kunde blir innvilga betalingslettelsar i samband med at kunden er i finansielle vanskar.

Berekning av tap ved misleghald (LGD)

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar for intervall av sikkerheitsdekning. Eika Gruppen vil kontinuerleg jobba med utvikling av LGD-modellane etter kvart som datagrunnlaget aukar med tapshistorikk for

nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

Personkundar

- Kundar utan registrert trygd
- Kundar med trygd i bustad
- Kundar med trygd i anna enn bustad

Bedriftsmarknad

- Kundar utan registrert trygd
- Kundar med registrert trygd

Verdien av trygda er basert på estimert realisasjonsverdi.

LGD-tala frå Eika vurderer banken som eit betre grunnlag for nedskrivning i høve banken sine tidlegare nedskrivingsmodellar.

Eksposering ved misleghald (EAD)

EAD for avtalar i steg 1 består av uteståande fordring eller forplikning justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane, og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventa levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den uteståande forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unytta kredittar har EAD lik uteståande unytta kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventa levetid på ein avtale blir berekna ut frå liknande avtalar si historiske gjennomsnittlege levetid.

Forventa kredittap (ECL) basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon blir inkludert i vurdering av forventa kredittap. Forventningar til framtida er utleia av ein makromodell der det blir teke omsyn til tre sceneria – base case, best case og worst case – for forventa makroøkonomisk utvikling, eitt til fire år fram i tid. Variablane arbeidsløyse, oljepris, hushald si endring i gjeldsgrad og bankane si utlånsrente inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylke. Vekting av scenarioane blir gjort etter ei ekspertvurdering. Pr. 31.12.2019 og 01.01.2019 er det nytta følgjande vekter: Base case 4/6, best case 1/6 og worst case 1/6. I tillegg går tabellen over variablar/scenarioar inn under teksten.



Makrodata

	2019	2020	2021	2022	Memo:
Base case					
Arbeidsløyse (nivå)	4,0 %	4,0 %	4,0 %	4,0 %	Det er lagt til grunn eit referansescenario for norsk økonomi, som dei fleste økonomar vil sei er trendvekst i økonomien og inflasjon. Ein BNP-vekst på vel 2 prosent og ein inflasjon litt mindre enn dette, vil gi stabil arbeidsløyse, låge tap i bankane og kun behov for små hevigar av rentene i Noregs Bank.
Endring i hushalda si gjeldsgrad	-1,6 %	-0,6 %	0,0 %	0,0 %	
Bankane si utlånsrente (nivå)	3,0 %	3,4 %	4,0 %	4,0 %	
Oljepris (USD pr. fat)	58	60	61	63	
	2019	2020	2021	2022	Memo:
Worst case					
Arbeidsløyse (nivå)	4,5 %	5,1 %	5,5 %	5,5 %	Worst case, eller stress-scenariot, er basert på Finanstilsynet sin årlege stress-test frå sommaren 2018. Her blir norsk økonomi ramma av eit kraftig tilbakeslag i internasjonal varehandel, med høge renter mange stader. Oljeprisen fell tilbake, og arbeidsløysa stig markert. Ein forventar at bankane sitt mislignald skytt fart.
Endring i hushalda si gjeldsgrad	-2,0 %	-2,0 %	0,0 %	4,1 %	
Bankane si utlånsrente (nivå)	2,6 %	2,2 %	1,8 %	1,6 %	
Oljepris (USD pr. fat)	55	53	51	49	
	2019	2020	2021	2022	Memo:
Best case					
Arbeidsløyse (nivå)	3,8 %	3,2 %	2,9 %	2,9 %	Et boom-scenario der økonomien presterer betre enn forventa. Skal eit slikt scenario vedvara må ein tru på ein kombinasjon av god befolkningsvekst og høg produktivtetsvekst per arbeidar (produktivtetsvekst). Alternativt blir det boom-bust, der økonomien kun midlertidig overraskar positivt.
Endring i hushalda si gjeldsgrad	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	
Bankane si utlånsrente (nivå)	3,0 %	3,5 %	4,0 %	4,6 %	
Oljepris (USD pr. fat)	59	61	64	66	

Utlån og garantiar

Utlånsportefølje i bustadkredittselskap

Sogn Sparebank har ei portefølje av utlån som er plassert i bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS (EBK). Rekneskapsmessig handsaming av desse låna kan delast inn i tre kategoriar etter partsstatus:

1. Formidla lån

Når banken formidlar eit lån i EBK, skjer dette ved at ei ny låneavtale vert oppretta der EBK er einaste långivar og part. Det vert utsteda nye lånedokument der det tydeleg går fram at EBK er långivar, og at rolla til banken er å vere ein lokal representant for EBK, mellom anna å ha kontakt mellom kunden og EBK. Banken har soleis ingen partsrolle i låneavtalen, og har aldri hatt ei slik rolle i det låneforholdet som er etablert. Det aktuelle lån har soleis aldri vore ein eigendel i balansen til banken, og frårekning er soleis ikkje ei problemstilling for banken si rekneskapsføring.

2. Formidla lån som innfrir lån i banken

Banken formidlar eit nytt lån i EBK, men heile eller delar av lånet vert nytta til å innfri eit

løpande låneforhold i banken. Det forhold at banken ikkje er part i låneavtalen, og heller ikkje har vore part i denne låneavtalen, talar for at slike tilfelle ikkje vert handsama annleis enn lån under kategori 1, og at det lånet som er innfridd i banken vert frårekna i banken sin balanse på vanleg måte.

3. Løpande lån som blir overført frå banken sin balanse til EBK

Dette er tilfelle der banken har eit løpande låneforhold med ein kunde, og overdreg (cesjon) dette låneforholdet til EBK. I desse tilfella har banken vore part i ein låneavtale med kunden, og det er denne avtalen som blir overdregen til EBK. Det blir i desse tilfella ikkje oppretta nye lånedokument, og EBK overtek banken sine rettar og plikter etter den gjeldande låneavtalen. Slike låneforhold kan gi grunnlag for ei nærare vurdering med omsyn til om lånet kan fråreknast.

Banken sin portefølje i EBK er sett saman av lån i kategori 1 og 2. Det er ikkje overført lån i kategori 3.



Varige driftsmidlar

Forretningsbygningane sin anskaffelseskost er dekomponert og blir avskrivne. Anskaffelseskost inkluderer kostnader som er direkte henførbare til anskaffinga av eigedom. Bygningane vert avskrivne lineært over forventa brukstid. Tomtar er vurdert til revaluert verdi, basert på verdivurderingar utført av eksterne uavhengige takstmenn. Andre varige driftsmidlar vert rekneskapsført til anskaffelseskost, med frådrag for avskrivningar. Påfølgjande utgifter vert lagt til driftsmidla sin balanseførde verdi eller vert balanseført separat, når det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar knytt til utgifta vil tilflyte banken, og utgifta kan målast påliteleg. Andre reparasjons- og vedlikehaldskostnader vert ført over resultatet i den perioden utgiftene blir pådregne. Ein auke i balanseført verdi som følgje av revaluering av tomtar, vert rekneskapsførde i utvida resultat og spesifisert separat. Nedregulering av balanseført verdi ved revaluering som utliknar tidlegare verdiauke av same driftsmiddel vert òg ført mot verdi-reguleringsreserve. Ytterlegare nedregulering som følgje av revaluering vert resultatført. Kvart år blir differansen ført mellom avskrivningar basert på driftsmidla sin revaluerte verd, resultatførde avskrivningar, og avskrivningar basert på driftsmidla sin anskaffelseskost til opptent eigenkapital. Tomtar vert ikkje avskrivne. Andre driftsmidlar vert avskrivne etter den lineære metoden, slik at anleggsmidlane sin anskaffelseskost eller revaluert verdi, vert avskrive til restverdi over følgjande forventa utnyttbar levetid:

- Bygningar: 33 år
- Inventar: 10 år
- Tekniske installasjonar: 10 år
- Edb-utstyr m.m.: 5 år
- Kontormaskiner og liknande: 3 - 5 år

Driftsmidla si utnyttbare levetid og restverdi vert revurdert på kvar balansedag og vert endra dersom nødvendig. Når balanseført verdi på eit driftsmiddel er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp, vert verdien skriven ned til gjenvinnbart beløp. Vinst og tap ved avgang vert resultatført og utgjør forskjellen mellom salspris og balanseført verdi. Når revaluerte driftsmidlar vert selde vert revaluert beløp knytt til driftsmiddelet overført til opptent eigenkapital.

Verdifall på ikkje-finansielle eigendelar

Varige driftsmidlar med udefinert utnyttbar levetid vert ikkje avskrivne og vert årleg vurdert for verdifall. Varige driftsmidlar som vert avskrivne, vert vurdert for verdifall når det ligg føre indikatorar på at framtidige kontantstraumar ikkje kan forsvara balanseført verdi. Ei nedskrivning vert resultatført med forskjellen mellom balanseført verdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av verkeleg verdi med frådrag av salskostnader og bruksverdi. Ved vurdering av verdifall, vert anleggsmidla gruppert på det lågaste nivået der det er mogleg å skilja ut uavhengige kontantstraumar (kontant-genererande einingar). Ved kvar rapporteringsdato vert høve til å reversera tidlegare nedskrivningar på ikkje-finansielle eigendelar vurdert.

Skatt

Betalbar skatt for perioden vert utrekna i samsvar med dei skattemessige lover og reglar som er vedtekne, eller i hovudsak vedtekne av skattestyresmaktene på balansedagen. Det er lovverket i dei land der banken opererer og genererer skattepliktig inntekt som er gjeldande for utrekninga av skattepliktig inntekt. Leiinga vurderer dei standpunkta som er hevda i sjølvmeldingane der gjeldande skattelover er

gjenstand for fortolking. Basert på vurderinga til leiinga vert det teke avsetjingar til forventa skattebetalingar der dette vert vurdert som naudsynt.

Det er utrekna utsett skatt på alle midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar på eigendelar og gjeld.



Kontantar og kontantekvivalentar

Kontantar og kontantekvivalentar er kontantar, innskot i Noregs Bank samt utlån og fordringar på andre kredittinstitusjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsplikter

Pensjonsforpliktingar, bonusordningar og andre kompensasjonsordningar overfor tilsette

Pensjonsforpliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap basert på løna til dei tilsette og premiar vert kostnadsførde løpande over drift. Banken har ei pensjonsordning:

- Innskotsbasert ordning

Den innskotsbaserte pensjonsordninga gjeld for alle tilsette i banken.

Adm. banksjef er medlem av ordinær innskotsbasert pensjonsavtale.

Bonusplanar

Banken har ikkje bonusordning i 2019.

Avsetningar

Banken rekneskapsfører avsetningar for rettslege krav når det eksisterer ein juridisk eller sjølvpålagt forplikting som følgje av tidlegare hendingar, det er sannsynlegheitsovervekt for at forpliktinga vil koma til oppgjjer i form av ei overføring av økonomiske ressursar og storleiken på forpliktinga kan estimerast med tilstrekkeleg grad av truverd. I tilfelle der det ligg føre fleire forpliktingar av same natur, vert sannsynlegheita for at forpliktinga vil koma til oppgjjer, fastsett ved å vurdere gruppa under

eitt. Avsetning for gruppa vert rekneskapsført sjølv om sannsynlegheita for oppgjjer knytt til gruppa sine enkeltelement kan vere låg. Avsetjingar vert målt til noverdien av forventa utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringsats før skatt som reflekterer noverande marknadssituasjon og risiko spesifikk for forpliktinga. Auken i forpliktinga som følgje av endra tidsverdi vert ført som rentekostnad.

Rekneskapsprinsipp nytta i 2018

IFRS 16 Leigeavtalar

Rekneskapet for 2018 er avlagt etter IAS 17. IFRS 16 trer i kraft for rekneskapsperiodar som tek til 1. januar 2019 eller seinare.

Pensjonskostnader og pensjonsplikter

Pensjonsforpliktingar, bonusordningar og andre kompensasjonsordningar overfor tilsette

Pensjonsforpliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap basert på løna til dei tilsette og premiar vert kostnadsførde løpande over drift. Banken har to pensjonsordningar:

- Innskotsbasert ordning
- Gamal AFP-ordning



Den innskotsbaserte pensjonsordninga gjeld for alle tilsette i banken.

Adm. banksjef er medlem av ordinær kollektiv pensjonsavtale. I tillegg har adm. banksjef eigen pensjonsavtale. Adm. banksjef har forplikta seg til å stå i stillinga til fylte 62 år.

AFP-ordninga gjeld berre for dei

pensjonistane som hadde rett til AFP etter gamal pensjonsordning.

Bonusplanar

Banken vedtok retningslinjer for utbetaling av bonus i starten på rekneskapsåret, vanlegvis i februar. I påfølgjande år når banken ser om dei tilsette har oppfylt krava til bonus, vert bonusen vedteken, utbetalt og kostnadsført som regel i februar.

3. Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historisk erfaring og andre faktorar, inklusive forventningar om framtidige hendingar som er forventa å vere sannsynlege under noverande omstende. Banken forventar ingen endringar i nøkkelføresetnadene som vil føre til vesentlege endringar i bokførte verdier av eigendelar og forpliktingar i løpet av neste år.

Rekneskapsestimata kan avvike frå resultatata som blir oppnådd, men dei er basert på beste estimat på tidspunkt for avlegging av rekneskap. Estimater og antakingar som har betydeleg risiko for vesentleg å påverke balanseført verdi på eigendelar eller forpliktingar, er handsama nedanfor. Nedanfor er dei mest vesentlege skjønsmessige vurderingane som leiinga i banken legg til grunn ved avlegging av rekneskapet.

a) Verkeleg verdi på finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar, til dømes modellar, som er nytta for å fastsette verkeleg verdi blir vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogleg vert observerbare data nytta, men på område som kredittrisiko volatilitet og korrelasjonar må det nyttast estimat. Endring i føresetnadene om desse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument. Sjå òg note 28 for sensitivitetsanalyse knytt til kursendringar nivå 3 verdsettning.

b) Nedskrivning på utlån

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Banken går årleg gjennom næringslivs-porteføljen. Store og risikoutsette engasjement blir gjennomgått løpande. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne eller dersom dei har særskild dårleg betalingshistorikk. Ved estimering av nedskrivning på enkeltkundar blir både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling vurdert. For næringslivsengasjement blir òg marknadssituasjonen for kunden, aktuell sektor og generelle marknadsforhold vurdert. Samla vurdering av desse forholda vert lagt til grunn for estimering av framtidig kontantstraum. Kontantstraumane blir estimert over ein periode som blir fastsett individuelt for den aktuelle kunden, eller gruppa av kundar dersom det er likheitstrekk mellom kundane. Banken skriv ned for individuelle tap dersom det ligg føre ein objektiv indikasjon på kredittap. Ved vurdering av nedskrivninga er det hefta usikkerheit ved estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar inkludert verdsettning av sikkerheitsverdiar. Berekning av nedskrivning blir gjort med bakgrunn i tre vekta scenarioane: Best case 25 %, normal case 50 % og worst case 25 %, sjå note 2 og note 6-13 for detaljar.



4. Kapitalstyring og kapitaldekning

Tal i tusen kroner	2019	2018
Eigenkapitalbevis	30 953	31 625
Overkursfond	32 812	32 812
Sparebankens fond	685 626	197 170
Gåvefond	32 374	23 917
Utjammingsfond	44 352	41 961
Fond for urealiserte gevinstar	36 035	33 350
Frådrag	-112 840	-78 541
Rein kjernekapital	749 312	282 295
Fondsobligasjonar	40 000	40 000
Kjernekapital	789 312	322 295
Ansvarleg lånekapital	0	50 000
Netto ansvarleg kapital	789 312	372 295
Eksponeringskategori (vekta verdi)		
Statar	0	0
Lokal regional styresmakt	49	47
Institusjonar	24 274	227
Føretak	225 303	196 076
Pantesikra eigedom	2 190 916	1 311 390
Forfalne engasjement	29 670	8 646
Høyrisiko	13 538	14 712
Obligasjonar med fortrinnsrett	8 563	9 042
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	36 195	15 045
Andelar verdipapirfond	40 060	3 098
Egenkapitalposisjonar	229 485	62 655
Andre engasjement	243 831	88 822
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	3 041 884	1 709 760
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	213 795	164 211
Berekningsgrunnlag	3 255 679	1 873 971
Kapitaldekning i %	24,24 %	19,87 %
Kjernekapitaldekning	24,24 %	17,20 %
Rein kjernekapitaldekning i %	23,02 %	15,06 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har ein eigarandel på 2,06 % i Eika Gruppen AS og på 1,47 % i Eika Boligkreditt AS.



	2019	2018
Rein kjernekapital	852 425	352 661
Kjernekapital	902 915	403 960
Ansvarleg kapital	916 126	465 042
Berekningsgrunnlag	3 821 557	2 393 178
Kapitaldekning i %	23,97 %	19,43 %
Kjernekapitaldekning	23,63 %	16,88 %
Rein kjernekapitaldekning i %	22,31 %	14,74 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	10,74 %	7,42 %

Banken sine kapitalkrav

Banken har blitt underlagt eit Pilar 2-krav på 3,0 % som gjeld frå 30.06.2017. Banken har eit kapitalmål på 15,8 % på rein konsolidert kjernekapital. Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 5 % av eksponeringsbeløpet. Då banken har størst andel av eksponeringsbeløpet i det konsoliderte kravet til leverage ratio, blir kravet sett på konsolidert basis til 5 %. Dette er ei forenkling. Sett i samanheng med forventta finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	2019
Fastsett styringsbuffer (dekkast av rein kjernekapital)	
Styringsbuffer	1,0 %
Kapitalmål konsolidert (kapitalbehov + styringsbuffer)	
Rein kjernekapitaldekning	16,7 %
Kjernekapitaldekning	18,2 %
Ansvarleg kapitaldekning	20,2 %

Sjå note 5 for meir informasjon.



5. Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risiki. Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisere potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risiki, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjons-system. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknad vert reflektert i risikorammene.

Ansvar for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga. Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risikiområde, herunder retningslinjer for styring av risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda, og det er vedteke ein eigen finansstrategi. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bankverksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrd gjennom banken sin kredittstrategi. Det er utarbeidd kreditt-handbøker med policyar, rutinar og administrativ fullmaktsstruktur for styring av kredittrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til trygd for engasjementa. Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekka sannsynlegheit for misleghald, og for å kalkulera tap dersom misleghald inntreff.

Kredittrisikoen til banken er hovud-sakeleg små enkeltrisikoar mot privat- og

Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffa tiltak dersom kapitaldekninga og likviditeten kjem under desse måla.

Adm. banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av adm. banksjef i samråd med andre medlemmer i banken si leiing. Ass. banksjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styra risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedteke risikoprofil.

Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg operasjonell risiko.

bedriftskundemarknaden. Etablert risiko-handtering skal sikre at kredittrisiko er i samsvar med banken sin risikovilje.

Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp.

Trygd

Verdien av deponert trygd skal vere tilstrekkeleg til å sikre engasjementet ved eventuell realisering, både på kort og lang sikt. Sikkerheitsobjekt som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst der det er relevant.



Som trygd for banken si utlånsportefølje blir det hovudsakleg nytta:

- pant i fast eigedom
- registrerbart lausøyre, landbrukslausøyre og driftslausøyre
- fordringar og varelager
- pant i bankinnskot
- kausjon

Generelt vert det kravd trygd for alle typar lån, med unntak av lønskontokreditt.

Konsentrasjonsrisiko

Med omsyn til banken sin marknadssdel, er eksponeringa er spreidd geografisk, sjå note 7. For å sikre diversifisering, er det gitt rammer for eksponering i bransjar, fylke og per kunde. Banken er ikkje generelt eksponert mot få, store næringskundar, sjå note 12 for talfesting av store engasjement.

Engasjementsstorleik

Eit engasjement er definert som kunden sitt utlån, garantiar og unytta trekkramer. Det utgjør banken sin maksimale kredittrisiko. Totale engasjement kjem fram i note 12 fordelt på sektorane næring og privat. Store engasjement blir rapportert på eigne lister og rapportar til styret. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp utviklinga i store engasjement. Banken si utlånsverksemd vert styrd av adm. banksjef.

Risikoklassifisering

Modellen

Sogn Sparebank nyttar ein sannsynlegheitsbasert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garantiar blir risikoklassifisert. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad.

Hovudmodellane er igjen delt i ulike undermodellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar. Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i mislighald i løpet av dei neste 12 månadane.

Sogn Sparebank si risikoklassifisering

Sannsynlegheit for misleghald i prosent

Risikoklasse	Frå og med	Til
1	0,01	0,10
2	0,10	0,25
3	0,25	0,50
4	0,50	0,75
5	0,75	1,25
6	1,25	2,00
7	2,00	3,00
8	3,00	5,00
9	5,00	8,00
10	8,00	100,00
11	Misleghald	
12	Tapsutsett	

Basert på risikoklassifiseringssystemet til Sogn Sparebank der risikoklasse 1 representerer lågast risiko og risikoklasse 12 høgast risiko. I risikoklasse 11 er alle kundar med misleghald over NOK 1.000 i 90 dagar gruppert. I risikoklasse 12 er alle kundar som banken har vurdert som tapsutsette gruppert.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne, eller det skjer hendingar som gjer det svært sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghaldne når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekke inn innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken får månadleg rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 9 for opplysningar om misleghaldne og tapsutsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisere seg på eit seinare tidspunkt. Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

Nedskrivningar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventta kreditttap. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle



eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved førstegongs balanseføring skal det avsettast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile

den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap, skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

Kredittrisiko på verdipapir

Banken ynskjer at porteføljen av finansielle instrument skal ha ein låg kredittrisikoprofil. Det blir fortrinnsvis investert obligasjonar med fortrinnsrett, bankar, solide føretak og stat og statsgaranterte føretak. Kredittkvaliteten vert vurdert som tilfredsstillande.

Banken har ikkje investeringar i verdipapir i framand valuta.

Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp, og note 6-13 for vurdering av kredittrisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko kan enkelt forklarast som banken si evne til å gjere opp eiga gjeld ved forfall. Når banken sine lånekundar ynskjer ei langsiktig finansiering, og banken sine innskotskundar vil disponera innskota sine med kort varsling, har banken ein likviditetsrisiko. Finansiering av dette gapet er gjort ved at banken har teke opp lån i den opne marknaden og avtalt trekkramme med DNB Bank ASA. Banken skal ikkje ha langsiktig trekkrett.

Likviditetssituasjonen for banken er vurdert tilfredsstillande. Utviklinga av likviditetsrisikoen blir månadleg rapportert til styret som karakteriserer risikoen som tilfredsstillande.

Sjå årsmeldinga frå styret for beskriving av banken si styring av risiko og note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap og vinst i marknadsparameter som rente, valutakursar, aksje- eller råvareprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar i volatiliteten i prisar som rentesatsar, kredittspreader, valutakursar og aksjeprisar.

Marknadsrisiko som banken står overfor, er hovudsakeleg renterisiko og inkluderer potensielle svingingar i verdien av fastrenteinstrument eller finansielle instrument knytt til ein marknadsbenchmark (NIBOR flytande pengemarknadsrente) som følgje av endringar i marknadsrenter, og i framtidige kontantstraumar for finansielle instrument til flytande rente.

Prisrisiko kjem av endringar i marknadsprisar, enten som følgje spesifikke faktorar knytt til eit individuelt finansielt instrument eller utstedar, eller faktorar som påverkar alle instrument handla i ein marknad. Det kan til dømes handla om endringar i prisar eller volatilitet på aksjar eller aksjeindeksar. Rentepapir, aksjar og aksjefond er eksponert for denne risikoen. Det mest vesentlege av marknadsrisiko relaterer seg til verdipapirmarknaden representert ved eigne verdipapirbeholdningar. Hovudtyngda av porteføljen til banken er plassert i likvide obligasjonar med avgrensa risiko for store fall i marknadsverdien. Forvaltninga er underlagt rapporterings- og posisjonsrammer fastlagt av styret. Rammene skal avgrensa risikoen, og



desse rammene blir gjennomgått minst ein gong i året.

Prisrisiko

Banken sin samla marknadsrisiko blir vurdert ut i frå stressscenario utarbeidd i tråd med tilrådingar frå Finanstilsynet og Baselkomiteen.

Valutarisiko

Banken har valutarisiko knytt til kontant-beholdningar, depositumskonto og pengekrav i framand valuta. Valutaeksponeringa i banken er moderat. Banken har ikkje valutalån på eiga bok. Sjå kapittel 7 punkt; finansiell risiko og note 15 i årsmeldinga, for ytterlegare informasjon.

Renterisiko

Banken er òg eksponert for renterisiko knytt til tap av rentenetto. Risikoen kjem fram som resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er obligasjonar, utlån til kundar,

garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta vil gi auke eller reduksjon i banken sin rentenetto som følgje av det. Sjå note 18 for talfesting av sensitivitet ved 1 % rente-endring. Renteberande verdipapirplasseringar, utlån, innskot frå kundar, finansinstitusjonar og låneopptak i marknaden er alle knytt til flytande rente. Utanom balansepostar, gjeld banken sitt løpande garantiansvar som er knytt til flytande rente. Renterisikoen blir kvartalsvis rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår.

Banken har pr. i dag alle innlån og obligasjonsgjeld regulert etter 3 mnd. Nibor som samla utgjør det 600 mill. kroner. Pr. 31.12.2019 er samla utlån regulert etter 3 mnd. Nibor 204 mill. kroner.

Sjå note 15 - 18 for vurdering av marknadsrisiko.

Operasjonell risiko

Den operasjonelle risikoen til banken er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande prosessar eller system, menneskelege feil, eksterne hendingar og juridisk risiko. Denne type risiko og kjelder til tap ligg i den løpande drifta av banken. Banken har utarbeidd policyar, rutinar, fullmaktsstrukturar med vidare. Dette saman med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen. Det er vidare teikna formålstenlege forsikringsordningar, og utarbeidd relevante beredskapsplanar for å handtera krisesituasjonar.

Kapitalforvaltning

Målet til banken vedkomande kapitalforvaltning er å sikre framleis drift for å gi eigenkapitalbeviseigarane og kapitalfondet i banken ei god avkastning, og oppretthalda ein optimal kapitalstruktur for å redusera kapitalkostnadane. På denne måten kan banken gi utbyte på eigenkapitalbevis og bidra til utvikling av lokalsamfunna banken er ein del av.

Gjennom lovverket, er banken underlagt eit regelverk for minstekrav til kapitaldekning og soliditet. CEBS har utarbeidd retningslinjer for

prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP. Styret har ansvaret for å initiere ICAAP-prosessen og kapitalplanlegginga, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risikostyring.

Sjølv om Sogn Sparebank prisar inn ein forventet tapskostnad, må banken ha kapitalreservar for å dekke uventa tap. Gjennom ICAAP vert risikojustert kapital utrekna for alle risikoområde, og banken gjennomfører stresstesting for å identifisera forhold som kan påverka risikobildet og kapitaldekninga i negativ retning. Risikojustert kapital angir kor stort tap som kan oppstå under ekstreme forhold, og er ein sentral storleik i vurderinga av banken sitt behov for eigenkapital for å driva verksemda på ein forsvarleg måte. Den risikojusterte kapitalen og lovmessig minstekrav vert samanhalden mot banken sin faktiske eigenkapital.

Banken skal ha ein spreidd forfallsstruktur på innlåna sine.

Frå 31.12.2019 skal banken minst ha ein LCR lik



110 %. Banken sin LCR er 110 % ved årsskiftet. Kravet til LCR frå styresmaktene er 100 % pr. 31.12.2019.

Den ansvarlege kapitalen består av rein kjernekapital og anna kjernekapital (hybridkapital).

Pr. 31.12.2019	Sogn Sparebank	Krav frå styresmaktene
Rein kjernekapital	23,02 %	15,70 %
Kjernekapital	24,24 %	19,20 %

Eigarandelsbrøken for 2019 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordelinga som vart framforhandla den 31.10.2018, og presentert

på Oslo Børs 12.11.2018. Det er grunnlaget for korleis resultatet til Sogn Sparebank vert delt høvesvis delt mellom sparebanken sitt fond og eigenkapitalbevisskapitalen pr. 31.12.2019.

Av resultatet som tilfall eigenkapitalbevis-eigarane tek Sogn Sparebank sikte på at om lag 50 % av resultatet i høve til eigarbrøken vert utbetalt som utbytte, og resten vert lagt til utjamningsfondet. Resten av overskotet blir fordelt med omlag 90 % til sparebanken sitt fond, og omlag 10 % av resultatet blir tilført gåvefondet som vert gitt til samfunnsnyttige føremål.

Forretningsrisiko

Strategisk/forretningsmessig risiko er risikoen for at verdiane av gjeld og eigendelar vert endra på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadssituasjon eller reguleringar frå styresmaktene. Risikoen inkluderer òg omdømerisiko. Dette krev ei kontinuerleg vurdering av konkurransesituasjonen, banken sine produkt og endringar i banken sine rammevilkår.

Omdømerisiko

Omdømerisiko er risiko for at banken kan bli påført tap eller kostnader ved svekka omdøme. Slik svekking av omdøme til dømes koma som ei følge av manglande kontrollrutinar knytt til sal av banken sine produkt.

6. Kredittrisiko

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet

2019

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet	Brutto utlån			
	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Pr. klasse finansielt instrument:				
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3 917 786	2		3 917 788
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	942 045	112 470		1 054 515
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	115 117	240 054		355 171
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			124 373	124 373
Sum brutto utlån	4 974 948	352 526	124 373	5 451 847
Nedskrivningar	-1 703	-4 006	-30 419	-36 128
Sum utlån til balanseført verdi	4 973 245	348 520	93 954	5 415 718



Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet

Personmarknad

Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	3 772 785	1		3 772 786
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	461 415	84 105		545 520
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	73 341	116 836		190 177
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			29 315	29 315
Sum brutto utlån	4 307 541	200 942	29 315	4 537 798
Nedskrivningar	-884	-1 908	-4 169	-6 961
Sum utlån til bokført verdi	4 306 657	199 034	25 146	4 530 837

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet

Bedriftsmarknad

Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	145 001	1	0	145 002
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	480 630	28 365	0	508 995
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	41 776	123 218	0	164 994
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)	0	0	95 058	95 058
Sum brutto utlån	667 407	151 584	95 058	914 049
Nedskrivningar	-819	-2 098	-26 250	-29 167
Sum utlån til bokført verdi	666 588	149 486	68 808	884 881

Unyttta kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet Unyttta kredittar og garantiar

(Pr. klasse finansielt instrument:)	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum eksponering
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	328 340	10		328 350
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	113 856	23 182		137 038
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	11 450	23 628		35 078
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			2 887	2 887
Sum ubenyttede kreditter og garantier	453 646	46 820	2 887	503 353
Nedskrivningar	-255	-387	-	-642
Netto ubenyttede kreditter og garantier	453 391	46 433	2 887	502 711



2018

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet		Brutto utlån		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	2 178 023	1 995	0	2 180 018
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	644 200	35 943	0	680 143
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	69 411	83 964	0	153 375
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)	0	0	64 017	64 017
Sum brutto utlån	2 891 634	121 902	64 017	3 077 553
Nedskrivningar	-1 303	-2 074	-6 453	-9 830
Sum utlån til balanseført verdi	2 890 331	119 828	57 564	3 067 723

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Bustadlån		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	2 026 255	1 995		2 028 250
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	298 636	25 134		323 770
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	44 142	37 518		81 660
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)			33 827	33 827
Sum brutto utlån	2 369 033	64 647	33 827	2 467 507
Nedskrivningar	-677	-1 243	-1 894	-3 814
Sum utlån til bokført verdi	2 368 356	63 404	31 933	2 463 693

Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet		Bedriftsmarknad		
Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	152 768	0		152 768
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	344 564	10 809		355 373
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	25 269	46 446		71 715
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)	0		30 190	30 190
Sum brutto utlån	522 601	57 255	30 190	610 046
Nedskrivningar	-626	-831	-4 559	-6 016
Sum utlån til bokført verdi	521 975	56 424	25 631	604 030

Unyttta kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet		Unyttta kredittar og garantiar		
(Pr. klasse finansielt instrument:)	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Sum eksponering
Låg risiko (risikoklasse 1-3)	245 370	1 074	0	246 444
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	123 630	4 131	0	127 761
Høg risiko (risikoklasse 8-10)	1 189	4 422	0	5 611
Mislighaldne og tapsutsette (risikoklasse 11-12)	1 057	0	898	1 955
Sum ubenyttede kredittar og garantiar	371 246	9 627	898	381 771
Nedskrivningar	-132	-133	0	-265
Netto nytta kredittar og garantiar	371 114	9 494	898	381 506



7. Fordeling av utlån

Utlån fordelt på fordringstypar	Morbank		Konsern	
	2019	2018	2019	2018
Kasse-, drifts- og brukskredittar	664 131	506 211	664 131	506 211
Byggelån	107 566	44 251	107 566	44 251
Nedbetalingslån	4 680 149	2 527 092	4 680 149	2 527 092
Brutto utlån og fordringar på kundar	5 451 846	3 077 554	5 451 846	3 077 554
Nedskrivningar steg 1	-1 703	-1 304	-1 703	-1 304
Nedskrivningar steg 2	-4 006	-2 074	-4 006	-2 074
Nedskrivningar steg 3	-30 419	-6 453	-30 419	-6 453
Netto utlån og fordringar på kundar	5 415 718	3 067 723	5 415 718	3 067 723
Utlån formidla til Eika Boligkreditt AS	1 102 935	1 092 653	1 102 935	1 092 653
Utlån inkl. Eika Boligkreditt AS	6 518 653	4 160 376	6 518 653	4 160 376

Brutto utlån fordelt på marknad	2019	2018	2019	2018
Region Sogn	3 514 550	2 173 606	3 514 550	2 173 606
Landet elles	1 937 296	903 948	1 937 296	903 948
Sum	5 451 846	3 077 554	5 451 846	3 077 554

8. Misleghaldne og tapsmerka engasjement

2019

Fordelt etter sektor/næring	Brutto nedskrivne engasjement		Netto nedskrivne engasjement
		Nedskrivning steg 3	
Personmarknad	32 403	4 169	28 234
Jordbruk, skogbruk, fiske			0
Industri	20 791	9 250	11 541
Bygg og anlegg			0
Handel, hotell, transport, tenester	32 566	7 000	25 566
Finansiering, egedomsdrift	32 818	10 000	22 818
Offentleg forvaltning og andre			0
Sum	118 578	30 419	88 159

2018

Fordelt etter sektor/næring	Brutto nedskrivne engasjement		Netto nedskrivne engasjement
		Nedskrivning steg 3	
Personmarknad	11 631	1 894	9 737
Jordbruk, skogbruk, fiske			
Bygg og anlegg	3 706	110	3 596
Handel, hotell, transport, tenester	6 492	4 449	2 043
Finansiering, egedomsdrift			0
Sum	21 829	6 453	15 376



Tapsutsette engasjement	2019	2018
Brutto misleghaldne lån - over 90 dagar	29 296	11 258
Nedskriving steg 3	-3 251	-2 818
Netto misleghaldne lån	26 045	8 440
Andre tapsmerka engasjement	89 282	10 571
Nedskrining steg 3	-27 167	-3 635
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	62 115	6 936
Netto misleghaldne og tapsutsette engasjement	88 160	15 376

9. Forfalne og tapsutsette lån

	Under 1	Over 1 t.o.m.	Over 3 t.o.m.	Over 6 t.o.m.	Sum	Tapsutsette	Trygd for	Trygd for
	mnd.	3 mnd.	6 mnd.	12 mnd.			Over 1 år	forfalne lån
2019								
Privatmarknad	568	22 554	8 880	15 218	8 122	55 342	4 111	53 000
Bedriftsmarknad	6 592	12 547	0	0	1 005	20 144	78 615	13 515
Totalt	7 160	35 101	8 880	15 218	9 127	75 486	82 726	66 515
2018								
Privatmarknad	10 606	11 702	2 301	3 411	1 840	29 860	4 079	43 410
Bedriftsmarknad	1 448	0	0	378	3 328	5 154	6 492	1 650
Totalt	12 054	11 702	2 301	3 789	5 168	35 014	10 571	45 060

Brutto utlån fordelt etter trygd

Tal i tusen kroner	2019		2018	
	Beløp	%	Beløp	%
Utlån med pant i bustad	4 415 509	81,0 %	2 470 574	80,3 %
Utlån med pant i anna trygd	984 198	18,1 %	601 129	19,5 %
Utlån til offentleg sektor	0	0,0 %	0	0,0 %
Utlån utan trygd	52 140	1,0 %	5 851	0,2 %
Ansvarleg lånekapital	0	0,0 %	0	0,0 %
Brutto utlån	5 451 847	100 %	3 077 554	100 %



10. Eksponering av utlån

2019	Brutto utlån	Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Unytta trekk- rettar	Garantiar	Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Maks kreditt- eksponering
Tal i tusen kroner										
Lønstakarar	4 537 798	-884	-1 908	-4 169	268 240	35 277	-22	-6		4 834 326
Næringssektor fordelt:										
Jordbruk, skogbruk, fiske	97 193	-34	-3	17 484	526	-8	-2			115 156
Industri	46 397	-24	-69	-9 250	11 844	9 061	-12	-3		57 944
Bygg og anlegg	217 958	-261	-504	50 747	31 532	-80	-251			299 141
Handel, hotell, transport, tenester	199 092	-196	-360	-7 000	31 800	7 642	-75	-24		230 879
Finansiering, eigedomsdrift	286 325	-234	-1 091	-10 000	22 722	4 134	-45	-85		301 726
Offentleg forvaltning og andre	67 084	-70	-71		9 630	2 714	-13	-16		79 258
Sum	5 451 847	-1 703	-4 006	-30 419	412 467	90 886	-255	-387	0	5 918 430

2018	Brutto utlån	Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Unytta trekk- rettar	Garantiar	Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Maks kreditt- eksponering
Tal i tusen kroner										
Lønstakarar	2 467 508	-678	-1 243	-1 894	192 634	32 766	-10	-15		2 689 068
Næringssektor fordelt:										
Jordbruk, skogbruk, fiske	23 360	-3	0		11 458	526	-2	-1		35 338
Industri	21 236	-25	-29		9 730	5 677	-10	-23		36 556
Bygg og anlegg	99 126	-68	-362	-110	22 636	39 888	-42	-14		161 054
Handel, hotell, transport, tenester	175 404	-255	-379	-4 449	16 186	5 742	-26	-13		192 210
Finansiering, eigedomsdrift	263 155	-227	-18		18 929	3 955	-25	-66		285 703
Offentleg forvaltning og andre	27 765	-47	-43		9 251	12 393	-17	-1		49 301
Sum	3 077 554	-1 303	-2 074	-6 453	280 824	100 947	-132	-133	0	3 449 230

11. Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsynlegheiter (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med mislegholdssannsynlegheit på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kreditt-tap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utsteding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.



Etter IFRS 9 er andre utlån til kundar er klassifisert til amortisert kost. Nedskrivning på unyttet kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapet.

2019

2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 31.12.2018	677	1 243	1 894	3 814
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	119	-490		-371
Overføringer til steg 2	-22	590		568
Overføringer til steg 3		-3	92	89
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	38	6	93	137
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-73	-324	-20	-417
Konstaterte tap				
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-83	-147	367	137
Andre justeringar	228	1 033	1 743	3 004
Nedskrivningar pr. 31.12.2019	884	1 908	4 169	6 961

2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 31.12.2018	2 369 034	64 648	33 826	2 467 508
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	39 761	-39 761		0
Overføringer til steg 2	-72 299	72 299		0
Overføringer til steg 3		-92	92	0
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	2 568 085	134 026	1 353	2 703 464
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-597 040	-30 178	-5 956	-633 174
Konstaterte tap				
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre				0
Brutto utlån pr. 31.12.2019	4 307 541	200 942	29 315	4 537 798



2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - bedriftsmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 31.12.2018	626	831	4 559	6 016
Overføringer:				
Overføringar til steg 1	112	-391	0	-279
Overføringar til steg 2	-103	1 122	0	1 019
Overføringar til steg 3	-107	-263	17 000	16 630
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	703	1 914	8 718	11 335
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-142	-146	20	-268
Konstaterte tap	0	0	-2 520	-2 520
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	80	63	-367	-224
Andre justeringar	-350	-1 032	-1 160	-2 542
Nedskrivningar pr. 31.12.2019	819	2 098	26 250	29 167

2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 31.12.2018	522 601	57 254	30 191	610 046
Overføringer:				
Overføringar til steg 1	24 062	-24 062	0	0
Overføringar til steg 2	-73 720	73 720	0	0
Overføringar til steg 3	-40 211	-23 602	63 813	0
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	281 064	80 256	10 548	371 868
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-46 389	-11 982	-6 657	-65 028
Konstaterte tap	0	0	-2 837	-2 837
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	0	0	0	0
Brutto utlån pr. 31.12.2019	667 407	151 584	95 058	914 049

2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kreditter og garantiar - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 31.12.2018	132	133	0	265
Overføringer:				
Overføringar til steg 1	17	-86		-69
Overføringar til steg 2	-13	274		261
Overføringar til steg 3	0	0		0
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	122	84		206
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-41	-23		-64
Andre justeringar	38	5		43
Nedskrivningar pr. 31.12.2019	255	387	0	642



2019	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseført engasjement pr. 01.01.2019	371 246	9 627	898	381 771
Overføringer:				0
Overføringar til steg 1	3 492	-3 492		0
Overføringar til steg 2	-24 871	24 871		0
Overføringar til steg 3		-1 430	1 430	0
Nye finansielle eigendelar utsteda og anskaffa ved fusjon	111 246	17 457	1 277	129 980
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-7 467	-213	-718	-8 398
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.12.2019	453 646	46 820	2 887	503 353

Resultatførde tap på utlån, kredittar og garantiar	2019	2018
Endring i perioden i steg 3 på utlån	19 969	3 121
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	0	0
Endring i perioden i forventa tap (steg 1 og 2)	636	50
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke individuelle nedskrivningar	2 441	220
Konstaterte tap i periode, der det ikkje er føreteke individuelle nedskrivningar	1 324	1 437
Inngang i perioden på tidlegare periodar sine konstaterte tap	-74	-232
Tapskostnader i perioden	24 296	4 596

2018

2018	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2018	792	818	1 057	2 667
Overføringer:				
Overføringar til steg 1	7	-99		-92
Overføringar til steg 2	-131	989		858
Overføringar til steg 3	-1		665	664
Nye finansielle eigendelar utsteda eller kjøpt	161			161
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-46	-298		-344
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-92	-167		-259
Andre justeringar			172	172
Nedskrivningar pr. 31.12.2018	690	1 243	1 894	3 827

2018	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2018	2 240 109	2 969	30 678	2 273 756
Overføringer:				
Overføringar til steg 1	19 614	-20 215		-601
Overføringar til steg 2	-46 937	78 583		31 646
Overføringar til steg 3	-3 195		3 148	-47
Nye finansielle eigendelar utsteda eller kjøpt	186 834			186 834
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-15 716	-110		-15 826
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-11 675	3 421		-8 254
Brutto utlån pr. 31.12.2018	2 369 034	64 648	33 826	2 467 508



2018	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - bedriftsmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2018	724	1 054	2 160	3 938
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	103	-644		-541
Overføringer til steg 2	-86	677		591
Overføringer til steg 3	-9	-173	1 239	1 057
Nye finansielle eigendelar utsteda eller kjøpt	44			44
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-41	-19		-60
Konstaterte tap			-220	-220
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-121	-64		-185
Andre justeringar			1 380	1 380
Nedskrivningar pr. 31.12.2018	614	831	4 559	6 004

2018	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2018	360 172	184 410	27 501	572 083
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	36 434	-27 829		8 605
Overføringer til steg 2	-38 101	45 245		7 144
Overføringer til steg 3	-776	-640	2 690	1 274
Nye finansielle eigendelar utsteda eller kjøpt	208 328			208 328
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-13 672	-149 558		-163 230
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-29 784	5 626		-24 158
Brutto utlån pr. 31.12.2018	522 601	57 254	30 191	610 046



12. Store engasjement

Kredittengasjement i morbank

Pr. 31.12.2019 utgjorde dei 10 største konsoliderte kredittengasjementa i morbank 9,4 % (2018: 9,3 %) av brutto engasjement.

Banken har ingen konsoliderte engasjement som blir rapportert som store engasjement, dvs. meir enn 10,00 % av ansvarleg kapital. I 2018 hadde banken to konsoliderte engasjement, der det største utgjorde 14,42 % av ansvarleg kapital.

	2019	2018
10 største kredittengasjement	389 285	325 213
Brutto engasjement	5 955 199	3 458 267
i % brutto engasjement	6,54 %	9,40 %
Ansvarleg kapital	789 312	372 295
i % ansvarleg kapital	49,32 %	87,35 %
Største engasjement utgjør	9,08 %	14,42 %

Brutto engasjement inkluderer utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.

Plassering i verdipapir

Banken har aksjeposten Aurland Ressursutvikling AS på 113 mill. kroner som utgjør 14,32 % av ansvarleg kapital.



13. Sensitivitet

Balanseførde nedskrivingar på utlån, kredittar og garantiar

	Faktisk nedskriving	Scenario 1	Scenario 2	Scenario 3	Scenario 4	Scenario 5
Steg 1	1 958	1 974	2 218	2 074	1 840	2 813
Steg 2	4 393	4 174	4 842	4 605	3 556	7 386

Beskriving av scenarioane:

Faktisk nedskriving

Nedskrivingar i steg 1 og 2 som berekna i nedskrivingsmodellen.

Scenario 1: Ingen påverknad frå makromodell

Senarioet beskriv korleis nedskrivingane vil sjå ut med ei konstant "forventning til framtida".

Det betyr at senarioet beskriv ei forventning om "ingen endringar i økonomien" fram i tid. Senarioet kan med fordel nyttast til å vurdere konsekvensane av framtidsforventningane i dei geografiske områda eller bransjar, som har større justeringar.

Scenario 2: Full løpetid på alle avtalar

Senarioet behandlar alle fasilitetar med full løpetid og simulerer korleis nedskrivinga vil endrast viss alle fasilitetar brukar kontraktuell løpetid. Nedskrivingsmodellen nyttar for steg 1 eitt års løpetid, og for steg 2 ei gjennomsnittleg forventa løpetid ved berekning av nedskrivingar.

Scenario 3: PD 12 mnd. auka med 10 %

Endringa, som følgje av en 10 % stigning i

